



STORD
KOMMUNE




kristtornbyen

Årsmelding 2013

Ordføraren helsar.....	3	Kulturtenester	24	Kulturskulen	46
Rådmannen.....	4	Stord Folkebibliotek.....	27	Målloppnåing	46
ADMINISTRASJON OG LEIING	6	Målloppnåing	27	Nøkkeltal.....	47
Målloppnåing	7	Nøkkeltal.....	28	REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	48
Arbeid for å auka nærvær på arbeidsplassane/ lågare sjukefråvære	8	Brann, redning feiing.....	29	Omsorgssenter, målloppnåing	49
Utvikling tal årsverk/ tal tilsette	9	FORVALTNINGSSTYRET	30	Helse, målloppnåing.....	50
Rekruttering	10	Målloppnåing	31	NAV kommune, målloppnåing	50
Kompetanse.....	10	Plan og byggesaker.....	32	Rehabilitering, helse, omsorg	51
Likestilling	11	OPPVEKST OG UTDANNING	33	Økonomi	54
Folkehelse	11	Barnehagane	34	Nøkkeltal.....	54
Beredskap og samfunnstryggleik.....	12	Målloppnåing	34	KOMMUNEØKONOMIEN.....	57
Kommunal planlegging	13	Nøkkeltal.....	36	Kommuneøkonomien	58
Interkommunalt innkjøpssamarbeid	14	Skulane	37	Utvalde nøkkeltal frå balansen.....	60
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	14	Målloppnåing	38	Driftsrekneskapen for Stord kommune,	
Nøkkeltal.....	15	Nøkkeltal.....	39	2009-2013.....	61
Kyrkja	16	Sosialt- og førebyggjade tenester, SOFT	41	Frie inntekter	62
NÆRING, MILJØ OG KULTUR	17	Skule- og helsestasjonstenesta	41	Driftsrekneskap / budsjett	63
Målsetjing for 2013	18	Nøkkeltal.....	41	Einingsresultat.....	66
Næringsarbeid.....	18	Pedagogisk psykologis teneste (PPT)	42	Kommunen sine plasseringar	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	18	SLT	42	og avkastning 2013	70
Landbruk og miljø	18	Utekontakten	43	ORGANISASJONSKART	71
Stord hamnestell	20	Støtteteamet	43	STORD I ORD OG TAL	72
Nøkkeltal.....	22	Barnevern	44	KOMMUNESTYRET	73
Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og kulturbygg..	23	Målloppnåing	44		
		Nøkkeltal.....	45		

Ordførar Liv Kari Eskeland
(Foto: Nina Sørli)



Ordføraren helsar

2013 er gått over i historia. På ny har me opplevd eit godt år for regionen og kommunen, noko som gjerne kan målast i folketalsauke og kontraktar til våre større og mindre verksemder. Ein auke på vel 250 nye Stordabuer gjennom året. Ein stor del av desse er kome hit frå andre land, og har med det komplettert vårt mangfaldige samfunn. Dette er viktige ressursar for våre verksemder, og det gir verdfulle bidrag i våre lokalsamfunn og kulturliv, samstundes som det utfordrar oss som kommune med omsyn på integrering og tilrettelegging for at ein skal føla seg velkommen og ønskje å bli ein del av Stordsamfunnet.

Med auke i innbyggjartal, vert også presset på våre tenester, infrastruktur og bustader sett på prøve. Det er stor investeringsvilje hjå næringslivet, og ein evnar å oppnå synergiar i samhandling mellom offentlege og private interesser.

Det har også i år vore mykje fokus på økonomistyring og kontroll, og organisasjonen har lojalt fylgt opp dei stramme rammer som har vore førande for økonomien.

Me har inngått nye samarbeid med våre nabokommunar, som tildøme for legevakt. Dette sikrar gode tenester for innbyggjarane, samstundes som me får gode fagmiljø som vert attraktive for arbeidstakarane. Slike samarbeidsavtaler peiker også framover mot spanande tider for kommune -Noreg som på nasjonalt plan er ein diskusjon om kommunestruktur som vart sett i gong mot slutten av året.

Også dette året har samferdsle vore høgt på agendaen, og like før årsskiftet kom nyheita om traseaval for ferjefri E39, Hordfast. Flyplassen har fått eit oppsving m.o.t. passasjertal, og Jensanesvegen vart ferdigstilt. Stord vestsidepakke er godt i gong, og den etterlengta undergang på Grov er nær på plass. Huglo har teke i bruk sin nye molo, og private investorar har gjort store lokale investeringar i infrastruktur og utbyggingsområde fleire stader i kommunen. Næringslivet har fått nye kontraktar til Stord, og nye bygg og anlegg for våre store hjørnestensbedrifter har blitt etablert. Leirvik har hatt diskusjonar om fortetting og høghus, men det mest synlege prov på utvikling i denne delen av kommunen er nytt parkeringshus som er i ferd med å reise seg bak kulturhuset.

Det er heldigvis eit svært høgt aktivitetsnivå på alle våre vel 400 lag og organisasjoner, og me opplever at våre kommunale tenester og kulturlivet elles i kommunen i all hovudsak samhandlar godt sjølv om alle ledd nok hadde sett at det var mogeleg å kunne nytte meir ressursar på denne delen av samfunnsbygginga og fellesskapet oss i mellom.

Det har også i år vore jobba svært godt i alle ledd i den kommunale sektor. Mykje skryt og ros om og til dei tilsette vert delt ut frå nøgne brukarar og pårørande. Me har ein lojal arbeidsstokk som kvar dag utfører tenester til beste for våre innbyggjarar.

Kommunestyret nyttar difor høvet til å takka alle tilsette for ein svært god innsats gjennom 2013, og me ser med forventing fram til framhald av prosjektet: "saman for ein betre kommune" der me i fellesskap skal strekke oss enno litt lenger!

Liv Kari Eskeland
Ordførar

Rådmann Magnus Mjør
(Foto: Emma Ölander Aadland)

Rådmannen

2013 har vore eit nytt år med vekst og stor byggjeaktivitet. Folketalet var ved årsskifte 18 425. Kommunen har handsama fleire større reguleringsplanar og byggjesaker som er fremja av private aktørar. Det er opparbeidd nye næringsområde i Heiane Vest og bustadområde på Tyse. I 2013 vart det teke i bruk 132 nye bustader og sett i gang bygging av ti større næringsbygg.

Ordresituasjonen til hjørnesteinsverksemda Kværner har vore god gjennom året. Verksemda har arbeid med «Edvard Grieg» fram til våren 2015. Det nye landemerket, kranen «Storen», er eit symbol på framtidstru og optimisme, trass i utfordringar knytt til tøffare internasjonal konkurransen. Det knyter seg no stor spenning til tildelinga av kontraktar i samband med utbygginga av «Johan Sverdrup», som kan bli det nest største området på norsk sokkel, etter «Ekofisk».

Trekantsambandet vart nedbetalt tre år før tida, og 31. april 2013 kjørte siste bilen gjennom bomstasjonen på Føyro mot betaling. Trekantsambandet er ein viktig del av kyststamvegen E39, og har knytt Stord tettare til Nord-Rogaland og Bømlo. 2013 var også året då Samarbeidsrådet for Sunnhordland samla seg om midtre trasé som alternativ for ferjefritt samband nordover, med bru frå Reksteren til Os. Vinteren 2013-2014 går debatten først og fremst på val av alternativ for kryssing av Langenuen.

Kommunerekneskapen hadde i 2013 eit overskot på 32,4 millionar kroner. Det er eit godt resultat og eit viktig steg på vegen ut av ROBEK. Stord kommune dekkjer

med det inn 33 av 44 millionar kroner i oppsamla underskot. Dei siste 11 millionane skal dekkjast inn i 2014, ein vil i så fall tre ut av ROBEK-lista i samband med at 2014-rekneskapen vert avgjort. Dei kommunale føretaka, Stord kommunale eigedom KF, Stord vatn og avlaup KF og avdeling veg, trafikk og parkering samt Stord hamnestell leverer òg positive resultat i 2013.

Den økonomiske situasjonen må likevel seiast å vera krevjande, med stramme driftsbudsjet og høg lånegjeld. Gjelda er og vil vera ei utfordring i åra framover. Den gjer kommunen sårbar i høve til svingingar i rentenivå og er kritisk i høve til kommunen si evne til å gjennomføra nye investeringar. Investeringsbehov og -ønskje er store, særleg innanfor skule og omsorgstenester. Gjelda har vore jamt aukande og det bør vurderast å innføra eit gjeldstak. Det vil nødvendigvis leggja ein dempar på omfanget av investeringar, men vil samstundes vera eit tiltak som kan medverka til ein sunnare kommuneøkonomi.

Stord er likevel i selskap med dei fleste kommunane i landet når det gjeld økonomi. Budsjettarbeidet vert stadig meir utfordrande som følgje av at utgiftene aukar meir enn inntektene. Særleg pensjonskostnadene har vorte ei utfordring, som følgje av lågt rentenivå og høg lønsvekst. Frå 2014 er det eiytterlegare innstramming av driftsnivået ved at momskompensasjon frå investeringsprosjekt ikkje lengre kan førast i driftsrekneskapen.

Talet årsverk i kommunen har vore rimeleg stabilt dei siste åra. Det har likevel vore ein reduksjon i talet på





Stord rådhus
(Foto: Connie Straume)

MOT-informatørane har gjort ein imponerande innsats på skulane med haldningsskapande arbeid. Stord kommune har vore representert ved nasjonale MOT-samlingar og motteke pris for «Beste informatørar 2013».

Kommunen er med i eit prosjekt som omhandlar velferdsteknologi saman med Bergen og Lindås. Vår kommune skal arbeide med å vurdera utviding av eksisterande tryggleiksalarm/tryggleikspakke til å få fleire funksjonar som kan vera til hjelp i daglelivet for forskjellige brukarar. Målet er at tenestemottakar skal bli meir tilfreds og meir trygg samt at tenesteapparatet skal ha god ressursutnytting.

Å levera tenester med kvalitet må vera det overordna målet for kommunen. Årsmeldinga vitnar om at dei tilsette i organisasjonen utfører mykje og godt arbeid, og eg vil rette ein stor takk til alle for innsatsen i fjar.

Magnus Mjør
Rådmann

tilsette som følgje av at fleire har fått fulle stillingar eller større deltidsstillingar. Ved utgongen av 2013 var det 925 årsverk i Stord kommune utanom dei kommunale føretaka, fordelt på 1227 tilsette. Sjukefråværet var samla 8,16 prosent i 2013, som er ein reduksjon i høve 2012. Målsettinga for 2013 var likevel 7,5 prosent. Kommunen prioriterer arbeidet med å redusera sjukefråværet, mellom anna gjennom prosjektet «Saman om ein betre kommune».

Stord kommune gjennomførte i 2013 ei medarbeidarundersøking. Denne syner at 95 prosent av dei tilsette i

storeller svært stor grad trives saman med sine kollegaer. 88 prosent seier dei er stolte over eigen arbeidsplass og anbefaler andre å søkja arbeid i kommunen. Stord kommune skårar betre på alle område i undersøkinga samanlikna med resultata i 2011 og 2009.

Det er også i 2013 gjennomført fleire omfattande prosjekt. Den nye gravplassen i Frugarden og byggjesteg II ved Langeland skule er blant dei større. Stordfest vart gjennomført for tredje gong i 2013. Arrangementet vart ein suksess. Berre på konserten siste kvelden møtte nærare 5000 menneske fram.

Administrasjon og leiing

Måloppnåing	7	Folkehelse	11
Arbeid for auka nærvær på arbeidsplassane/lågare sjukefråvære.....	8	Beredskap og samfunnstryggleik	12
Utvikling tal årsverk/ tal tilsette	9	Kommunal planlegging	13
Rekruttering.....	10	Interkommunalt innkjøpssamarbeid.....	14
Kompetanse.....	10	Informasjons- og kommunikasjonsteknologi	14
Likestilling	11	Nøkkeltal	15
		Kyrkja	16

Administrasjon og leiing

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av www.bedrekommune.no. Undersøkingane gjev eit bilet av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetjingane våre. Undersøkinga gjev også eit bilet av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for våre interne satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal. Måltala for dei øvrige tenesteområda er utarbeida med utgangspunkt i inndelingane i Kommunal Rapport sitt Kommunebarometer.

MÅLOPPNÅING	2013	2013	2012
			Snitt Stord
BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)			
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	>3,75	4,3	3,75
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	>4,40	5,1	4,40
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	>4,05	4,8	4,05
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	>3,70	4,3	3,70
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene	>3,95	4,9	3,95
Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	6	5	6
MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)			
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	>4,7	4,5	4,5
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	>4,80	4,9	4,8
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	>4,80	4,8	4,8
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	>4,80	4,8	4,8
Medarbeidarane opplever at nærmaste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	>4,20	4	4,1
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	>3,75	3,9	3,7
Sjukefråvær %	7,50	8,16	8,9
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjetttrammer	0,5 %	5,89 %	-0,1 %
Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar	>272	172	256

* Det vart ikkje gjennomfør medarbeidar undersøking i 2012

ARBEID FOR AUKA NÆRVÆR PÅ ARBEIDSPLASSANE/LÅGARE SJUKEFRÅVÆRE

Dei tilsette i Stord kommune er den viktigaste ressursen for at Stord kommune skal kunne yta kvalitet i tenestene. Dette gjer at kommunen styrkar arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMT).

Stord kommune skal gjennom eit aktivt HMT-arbeid sørge for trivnad og tryggleik for sine tilsette. HMT hovudmålsettingar for Stord kommune er at leiarar og tilsette skal arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, minst mogleg påverknad på ytre miljø og kontinuerleg forbetring av HMT arbeid i einingane.

Det er i 2013 gjennomført ein større revisjon av det overordna HMT-systemet. Revideringa er gjort i samarbeid med Haugaland HMS og hovudverneombodet, og følgjande delmål for HMT-arbeidet vart vedteke for 2013-2015:

- Reduksjon i totalt sjukefråvær til 7,5 prosent gjennom vidareføring av IA-avtalen, tett oppfølging av sjukemeldte og god dialog med leiarane.
- Alle einingar skal fastsetja årlege HMT-mål og rapportera HMT-aktivitet til HMT-leiar
- Alle einingar skal registrera HMT-avvik i Kvalitslosen tilsvarande tal årsverk i eininga.
- Alle einingar skal årleg gjennomføra vernerunde og risikovurdering av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø
- Medarbeidarundersøkinga skal følgjast opp i heile organisasjonen
- Alle leiarar i kommunen skal ha gjennomgått eller gjennomgå opplæring i arbeid med HMT og sjukefråvær

Hausten 2013 vart «Bedrekommune» si medarbeidarundersøking (MU13) gjennomført. Fokus var på dei tilsette si oppleving av arbeidsmiljøet. Alle einingar deltok i undersøkinga, og 64 prosent av dei tilsette svarte.

Stord kommune har i undersøkingane sidan 2009 forbetra alle dimensjonar utanom fysiske arbeidsforhold og resultatet ligg tett opp mot snitt i landet. Undersøkinga gjev eit bilet av korleis tilsette i dei ulike einingane opplever sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø. Som oppfølging av undersøkinga skal einingane utarbeida eigne fokusområde og målsettingar for komande periode. Det er ønskjeleg at einingane kjem fram til 4 fokusområde der to av dei i utgangspunktet er positive og to er negative. Hensikta er at dei tilsette må jobba med korleis dei skal behalda og forbetra det som er positivt i dag, samt tenkja korleis dei skal bidra for å betra det som utpeikar seg som negativt.

Målsetting for sjukefråvær i Stord kommune for 2013 var 7,5 prosent. Kommunen hadde eit totalt sjukefråvær på 8,16 prosent i 2013. Samanlikna med 2012 er sjukefråveret redusert med 9,2 prosent.

Det totale sjukefråværet har vore jamt noko lågare for kvar månad samanlikna med 2012. Barnehagane i Stord kommune har spesielt siste halvår i 2013 hatt høgt langtidssjukefråvær samanlikna med tidlegare. Det er mange enkeltsaker med alvorleg og langvarig sjukdom. I 2013 vart rutinane for oppfølging av sjukemeldte revidert. Desse rutinane bidreg til at ein raskt kjem i gang med oppfølgingsarbeidet av den sjukemeldte i eit samarbeid

For dei største driftsområda våre, har sjukefråveret fordelt seg slik:

Område	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Barnehage	12,06 %	9,85 %	11,08 %	9,22 %	7,45 %	6,45 %
Grunnskulen	5,35 %	6,50 %	6,49 %	4,70 %	4,22 %	4,70 %
Pleie og omsorg	11,0 %	12,25 %	13,41 %	10,37 %	10,70 %	11,44 %

mellan arbeidstakar, bedriftshelsetenesta og NAV. I tråd med mål for IA-verksemd har kommunen retningslinjer for intern ompllassering av tilsette med helseplager som ikkje gjer det mogleg å stå i sitt ordinære arbeid. I tillegg har Stord kommune som IA-verksemd hatt personar i arbeid som kjem frå andre tiltak i NAV.

Sjukefråværet i kommune-Norge er høgare enn i andre sektorar. Og det medfører ein del utfordringar. Eit høgt sjukefråvær får økonomiske konsekvensar for kommunen, og kan svekka kvaliteten på dei kommunale tenestene. For å møta desse utfordringane har Stord kommune søkt om opptak i programmet «Saman om ein betre kommune» og er med frå 1.januar 2013. Ein føresetnad for deltaking i programmet er at prosjektet er forankra blant folkevalde, administrative leiarar og tillitsvalde, i eit lokalt trepartsamarbeid.

UTVIKLING TAL ÅRSVERK/ TAL TILSETTE

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Årsverk	971	952	940	947	912	925
Tilsette	1304	1307	1318	1302	1231	1227

Stord kommune hadde ved utgangen av året 925 faste årsverk utanom dei kommunale føretaka, fordelt på totalt 1227 tilsette. Talet årsverk har auka medan talet tilsette har gått ned. Noko av grunnen til nedgang i tal tilsette er at kommunen har prioritert å auka opp deltidsstillingar. I dei fleste einingane har tal årsverk jamt over vore stabilt. Både ved Eining for habilitering, Heimebaserte tenester og Stord sjukeheim inklusive Knutsåsen omsorgssenter har det vore ein auke i årsverk grunna ressurskrevjande brukarar.

Stillingsgruppa er ei partsamansett administrativ arbeidsgruppe med representantar frå kommuneleiinga og hovudtillitsvalde. Stillingsgruppa vurderer alle stillingar som vert ledige i høve å trekkja dei inn, før dei eventuelt vert lyste ut for nytilsetjing. Kommunestyret la inn som budsjettmål at dette ville gje 1,5 millionar kr i innsparing i 2013. Stillingsgruppa har oppnådd kroner 1,520 millionar i innsparing i 2013.

Stord kommune deltok med fleire lag i den så kalla DYTT-aksjonen, som set fokus på fysisk aktivitet blant dei tilsette. Frå venstre: Annlaug Tenold, Hilde Susann Aadland, Tove Dypå Lunde, Hilde Mary Laukhamar, Randi Sveinsjerd, Kari Presthaug og Astrid Larsen (foto: Nina Sørli).



Hausten 2013 tok Stord kommune inn totalt 22 lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidar-, helsearbeidar-, IKT- og feiarfaget (foto: Nina Sørli).

REKRUTTERING

I 2013 var det framleis press på arbeidsmarknaden på Stord og det verkar særleg inn på rekrutteringa til dei kommunaltekniske fagområda. Sjølv om störstedelen av denne verksemda er utskilt i kommunale føretak, ligg personalarbeidet og såleis også deler av rekrutteringsarbeidet framleis i basisorganisasjonen. Det er stor konkurranse om kvalifiserte fagfolk med rett teknisk kompetanse. Kommunen konkurrerer både mot privat sektor og internt mot dei kommunale føretaka. Regulering, byggesak og oppmåling (RBO) har likevel vore konkurransedyktige i høve rekruttering i 2013 for ledige stillingar.

Behovet for personell innan helse og omsorg vil auke på sikt, og ein vil spesielt kunne få mangel på sjukepleiarar og helsefagarbeidrarar. Bruk av innleidt personale frå vikarbyrå har vore avgrensa i 2013. Dette heng saman med at kommunen sitt behov for innleige er mest knytt opp til drifta i feriar og høgtider og vikarbyråa klarar ikkje å leve nok vikarar til kommunen.

Stord kommune har behov for å rekruttera arbeidstakarar og faglært arbeidskraft innanfor fleire tenesteområde. Kvart år tilbyr Stord kommune læreplassar i fleire fag. Hausten 2013 tok 22 lærlingar til i Stord kommune: Barne- og ungdomsarbeidarfager (13), Helsearbeidarfaget (5), IKT-faget (2), feiarfaget (2). Pr. 31.desember 2013 hadde Stord kommune totalt 37 lærlingar.

I 2013 har rettleiarane fått auka kompetanse i opplæring av lærlingane. Rettleiarane er viktige for lærlingane, og er med på å gje Stord kommune eit godt omdøme



som lærestad. Lærlingane er ein viktig ressurs for kommunen.

KOMPETANSE

Fleire tilsette tek etter- og vidareutdanning, og i 2013 nytta kommunen 2,740 millionar kroner til dette føremålet. I tillegg kjem tilrettelegging og bidrag frå einingane som har brukt ein del ressursar på dette ved å leggja til rette mellom anna med permisjon.

29 avdelingsleiararar innanfor rehabilitering, helse og omsorg deltek på «Lederutdanning helse og omsorg – kompetanseløftet 2015». I samarbeid med Høgskolen i Hedmark vert utdanninga gjennomført lokalt på Stord.

Leiarutvikling er eit prioritert prosjekt innanfor «Saman om ein betre kommune». Hausten 2013 vart ein ekstern



Lovise Vestbøstad vart tilsett som einingsleiar for Regulering, byggesak og oppmåling (RBO) (foto: Svein Andersland).



31 avdelingsleiarar innan rehabilitering, helse og omsorg deltek på ei toårig leiarutdanning med fokus på kompetanseheving (foto: Emma Ölander Aadland).

Strategisk leiing på einingsleiararsamling hausten 2013. På agendaen var styrking av leiarfunksjonen gjennom prosjektet Saman om ein betre kommune (foto: Astrid Larsen).



prosessleiar innleigd for å delta på ei samling for einingsleiarar i Stord kommune. Tema for samlinga var kva type leiing som verkar i høve fråvær og nærvær, samt om leiing kan bidra til helsefremjande arbeidsmiljø og gode arbeidsplassar i kommunen.

LIKESTILLING

Av 1227 tilsette i Stord kommune er 1006 kvinner (81,98 prosent) og 221 menn (18,02 prosent). I skulen er det 194 kvinner (78,86 prosent) og 52 menn (21,14 prosent). I pleie og omsorg er det 511 kvinner (92,24 prosent) og 43 menn (7,76 prosent). Blant einingsleiarar og strategisk leiing er fordelinga 21 kvinner (60 prosent) og 14 menn (40 prosent). Fordelinga mellom kvinner og menn er ikkje vesentleg endra frå 2012.

Stord kommune sitt arbeid med likestilling går i hovudsak på å betra vilkåra for typiske kvinneyrke, innanfor barnehage, skule, rehabilitering, helse og omsorg. Desse feltene er hovedtyngda av verksemda i kommunen. Som tiltak kan nemnast tilrettelegging for at alle skal få den stillingsstorleik som dei ynskjer, og at arbeidstilhøva elles vert tilrettelagt med til dømes fleksible arbeidstidsordningar.

FOLKEHELSE

Folkehelsearbeidet skal fremje helse, førebyggje sjukdom og jamne ut sosiale helseskilnadar. Arbeidet går på tvers av sektorar og fagområde. I følgje nytt lovverk har all kommunal verksemrd ansvar for å ivareta folkehelsa. Dette betyr mellom anna at omsyn til folkehelsa skal vurderast i all planlegging, og at

alle kommunale einingar skal fremja folkehelse i sine målsetjingar. Å få dette til er eit langsiktig arbeid.

Stord kommune er medlem av «Partnarskap for folkehelse i Hordaland». Partnarskapet har representantar frå fylkeskommunen, Fylkesmannen og dei fleste kommunane. I 2013 er det òg etablert eit Sunnhordlands-forum for folkehelse, der folkehelsekoordinatorar frå seks kommunar er med og har som oppgåve å stimulera og koordinera folkehelsearbeidet.

Folkehelsekoordinator deltek i prosjekt- og planarbeid innanfor ulike sektorar. Av større arbeid i 2013 kan nemnast «Regional plan for folkehelse», «Sykkelprosjekt», «Liv og lyst-prosjektet for Sagvåg og Litlabø», «Sunn framtid – førebygging



Friluftsliv er eit viktig helsefremjande tiltak. Ein raud tråd i folkehelsearbeidet har vore å leggja til rette for auka friluftsliv (foto: Barnas Turlag).

kan nytte friluftsliv som kjelde til helse, rekreasjon og auka livskvalitet. «Aktiv i friluft» er eit anna prosjekt som har inaktive ungdomar og innvandrarar som målgruppe. Frivillige organisasjoner er viktige aktørar og samarbeidspartnarar i dei fleste folkehelsetiltaka.

BEREDSKAP OG SAMFUNNSTRYGGLEIK

Forskrift om kommunal beredskapsplikt set krav til kommunane i høve situasjonar som går ut over dei hendingane som brann/redning og helsetenesta vanlegvis tek seg av.

Beredskapsøving med oljelenser-utløp frå Ådlandsvatnet (foto: Åge Aadland).



av overvekt hos barn/unge», «Kartlegging av lokale friluftsområde», og «Internasjonal merkestandard for turløyper». Folkehelsekoordinator har også medverka i utarbeiding av kommunedelplanar og gjeve uttale til lokale reguleringsplanar. I samband med planlegging av nye prosjekt og tiltak er det søkt om tilskotsmidlar frå ulike ordningar, noko som for 2013 har gitt til saman 940 000 kroner i tilskot til folkehelsetiltak.

Friluftsliv er eit viktig helsefremjande tiltak. Sentralt i folkehelsearbeidet er å leggja til rette for auka friluftsliv. Det er arrangert kurs i friluftsliv for innvandrarar, for tilsette i barnehagar og for tilsette i Habiliteringseinininga. Friluftsliv for førskulebarn er eit tverrfagleg prosjekt der i alt 12 barnehagar har delteke. Målet er at fleire barn og unge i Stord får erfaring med friluftsliv, og

Kommunane Bømlo, Fitjar og Stord har etablert eit historisk samarbeid i Sunnhordland interkommunale legevakt IKS. Frå venstre: Knut J. Gram, Anne Berit Hovstad Johansen, Kjell Magnar Mellesdal, Bjarte Wilhelmsen, Lars Helge Sørheim og Janett Svendsen (foto: Emma Ölander Aadland).

Stord og Fitjar kommune har no eit prosjekt for revidering av ROS analysen frå 2008. Revideringsprosjektet vart starta med eit seminar der ei rekke samarbeidspartar i og utanfor det offentlege tok del. Prosjektet er venta avslutta våren 2014 og skal liggja til grunn for revidering av «Beredskapsplanane» i kommunane.

Eit nytt nasjonalt naudnett er under utbygging og kommunen har teke del i fleire møte og samlingar som førebuing til dette. Det er varsla operativt i vårt område ved årsskiftet 2014/2015. Kommunen har i tillegg vurdert ulike former for befolkningsvarsling ved kriser eller større hendingar som krev utbreidd informasjon eller evakuering, men høge kostnader for slike system har medført at ein så langt ikkje har funne rom for dette. Ei gruppe fagfolk har vore med på ekstern opplæring i psykososial krisehandsaming, og det er etablert eit psykososialt kriseteam med eiga leiing og rutinar for aksjon og arbeidsform. Teamet har, diverre, alt vore i bruk ved fleire høve dette året. Særleg vart dei utfordra i samband med den tragiske drapssaka i Sagvåg i oktober 2013.

Kommunen fekk i haust tilsyn frå Fylkesmannen i høve kommunal kriseleiing og beredskapsplanverk. Kommunen fekk gode tilbakemeldingar og det kom ikkje fram avvik. Eit par formelle merknader skal kommunen ta med i det vidare arbeidet med rullering av «Beredskapsplanen» for administrasjonen.

Kommunen samarbeider med politi, lag, organisasjoner og prosjektorganisasjon ved planlegging av beredskap kring større utandørs arrangement.



Etter kvart har ein fått god erfaring på dette. Det har vore ei rekke øvingar i 2013. Øving i tverrfagleg akutt samhandling gjekk føre seg på området til Kværner. Det var fullskala katastrofeøving på Nysæter Ungdomsskule og i Uføretunnellen. Mattilsynet gjennomførte ei administrativ øving, og Fylkesmannen gjennomførte ei øving for den kommunale kriseleiinga.

Utgreiing og planlegging av Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS har vore krevjande, men vart administrativt og politisk sluttført med oppstart i februar 2014. Det er eit viktig beredskapstiltak med tanke på større hendingar i vår del av Sunnhordland.

Etter at kommunane vart pålagt generell beredskapsplikt er det ei forventning frå sentrale mynde at den einskilde kommune til ei kvar tid og uavhengig av situasjon har eit apparat for å ta i mot beredskapsvarsel. Stord kommune

har per i dag ikkje ei slik vaktordning på leiarsida. Frå Fylkesmannen og naudetataane opplever kommunen likevel ei klar forventning om at kommuneleiinga til ei kvar tid skal vera tilgjengeleg.

KOMMUNAL PLANLEGGING

Kommunestyret vedtok i 2012 planstrategi for Stord kommune. Planstrategien er eit nytt verktøy som har som føremål å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør prioritera for å leggja til rette for ønska utvikling. Planstrategien erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i plan- og bygningslova. Gjeldande kommuneplan for perioden 2010 - 2021 vart vedteken 15. desember 2011. Neste planstrategi må vera vedteken seinast i 2016, og i denne må ein ha tatt stilling til tidspunkt for ny revidering av kommuneplanen.

Kommunedelplanen for fastsamband Huglo vart vedteken (foto: Nina Sørli).

I 2013 vart skulebruksplanen vedteken. Kommunedelplanen for ferjesambandet Stord-Kvinnherad vart ferdigstilla, og kommunestyret vedtok inntil vidare å oppretthalda Skjersholmane som ferjeleie på Stordsida. Kommunedelplanen for fastsamband Huglo vart vedteken.

I 2013 har det planarbeid knytt til fylkesveg 545 Stord-Fitjar (Vestsidepakken), E 39 (konseptvalutgreiing for strekninga Aksdal- Bergen og kommunedelplan E 39 Heiane- Ådland), vore under arbeid. Vidare har ein jobba med kommunedelplanarbeid for trafikksikring, for hovudplan veg, for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og arbeid med områderegulering for Sævarhagen, Haga, samt Nedre Økland. Desse planarbeida skal avsluttast i 2014.

Arbeidet med ein interkommunal strandsoneplan heldt fram i 2013 og skal vera avslutta i 2014. 2013 har elles vore prega av stor byggjeaktivitet. Kommunen har handsama fleire store reguleringsplanar og byggjesaker som er fremja av private aktørar. Det er opparbeidd nye store næringsområde i Heiane Vest og bustadområde på Tyse. I 2013 vart det teke i bruk 132 nye bustader og sett i gang bygging av 10 større næringsbygg.

INTERKOMMUNALT INNKJØPSSAMARBEID

Stord kommune er vertskommune for interkommunal innkjøpsordning for kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Regionen har etablert samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Haugalandet, Hardanger og Voss. Kommunane er gjennom lov og forskrifter pålagt å gjennomføre alle innkjøp etter konkurranse. Innkjøpsprosessane er arbeidskrevjande, men gjev kommunane betre



prisar og vilkår. Samarbeidet administrerer rundt 80 innkjøpsavtalar med ulike leverandørar.

Ein har som målsetting at kommunane i innkjøps-samarbeidet skal kunna ta i bruk meir effektive innkjøps-system og kunna nytta seg av dei fordeler elektronisk handel gjev.

Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum starta prosjektet e-handel i 2011, der 16 kommunar deltek fullt ut. Prosjektet er eit pionerprosjekt som har fått skjønnsmidlar frå Fylkesmannen og økonomisk og fagleg støtte frå Difi (Direktoratet for Forvaltning og IKT).

Bruk av dei elektroniske verktøya er arbeidssparande og kvalitetssikrar prosessane knytt til kommunale innkjøp. Stord kommune er blant dei kommunane i regionen som kan syna til mest bruk av det nye verktøyet i 2013. Elektronisk handel utgjer så langt ein beskjeden del av det samla innkjøpet. Dette vil likevel ta seg opp etter kvart som innkjøpsavtalane vert rullert og krav om e-handel vert sett inn som vilkår for kommunale innkjøp.

INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI

I 2013 har det vore utretta mykje på IT-fronten. Kommunestyret, Eldrerådet og administrasjonen har teke i bruk nettbrett til papirlause møter. Vidare har det vore fokus på å sikra ei stabil drift med høgast mogleg opptid av datasistema, og ein viktig ting i dette har vore

Med Mobil Omsorg kan dei tilsette i heimebaserte tenester blant anna kommunisera endringar i arbeidsplanen eller få nye oppdrag mens dei er på farten. Frå venstre: Hilde Stautland, Uria Rongzhi Kou og Vilja Bathgate (foto: Renate Risnes).

å fullføra installasjon av reservestraumaggregat og batteri med straumfilter for dataromma i kommunen. Dette kom godt med i hauststormane når straumen gjekk. Kapasiteten i dei trådlause nettverka på skulane er oppgradert for å stetta den auka bruken av datamaskiner i skulen. I tillegg vart det investert i nye datamaskinar til lærarane.

For pleie og omsorg har ein arbeidd vidare med Mobil Omsorg og meldingsutveksling mellom pleie og omsorgssektoren og helseføretaka og legekontora. Datasistema for kommunen er no kopla opp mot Norsk Helsenett for utveksling av data mot legekontor og helseføretak. Ikkje alle legekontor i kommunen er klare endå, men det er venta at dei koplar seg opp i løpet av første halvår 2014.



Ein annan viktig oppgåve har vore å installere systemmodular for inngåande og utgående fakturaer samt e-handelsmodulen i Agresso. No er kommunen rigga for å sende og ta imot elektronisk faktura, samt kunne

handle elektronisk. Vidare har kommunen hatt stort fokus på innkjøpsprosessen der alle innkjøparane i Stord kommune er kursa i korleis ein handlar elektronisk.

NØKKELTAL

Kommunal administrasjon, styring og fellesutgifter, konsern	Stord			Samanliknings-kommunar		Landet utan Oslo
	2013	2012	2011	2013	2013	2013
Netto driftsutgifter adm. og styring, i % av totale netto driftsutgifter	7,5	6,7	7,0	7,7	8,1	
Netto driftsutgifter pr. innb. til adm. og styring	3 415	2 920	2 897	3 716	4 104	
Lønnsutgift pr innbyggjar til adm. og styring	2 537	2 618	2 492	2 630	2 878	
Brutto driftsutgifter til politisk styring pr. innb.	188	197	192	339	400	

Konsernet Stord kommune nyttar mindre til administrasjon og styring enn gjennomsnittet av andre samanliknbare kommunar. Med konsernet Stord kommune, meiner ein i denne samanhengen at også tala frå dei kommunale føretaka er teke med. Auken i netto driftsutgifter i 2013 skuldast i stor grad utgifter med innføring av eigedomsskatt.

Stord kyrkje
(Foto: Aslaug Torget)



KYRKJA

Kyrkja	2013	Stord 2012	2011	Samanliknings- kommunar		Landet utan Oslo 2013
				2013	2013	
Netto driftsutgifter per innbyggjar	382	371	367	497	554	
Netto driftsutgifter av samla netto driftsutgifter	0,8	0,8	0,8	1,0	1,1	
Gudstenester per 1000 innbyggjar	8,8	9	9,3	11,5	13,2	
Deltaking, gudsteneste sön- og helligdagar per innbygar	1,2	1,2	1,1	1,0	1,0	
Antal innbyggjarar medlem av Dnk	81,7	82,9	83,8	77,9	77,8	
Døypte i av antal fødde	71,9	76,2	86,7	71,1	67,4	
Konfirmerte i av 15-åringar	76,7	80,6	78,5	67,1	66,6	

Stord kommune har relativt låge utgifter per innbyggjar til kyrkjelege føremål. Det må sjåast i samanheng med at kommunen har heller få og store kyrkjesokn. Det er noko færre gudstenester per 1000 innbyggjar i Stord enn i kommunane elles, medan deltakinga i desse og andre kyrkjelege handlingar ifølgje KOSTRA er noko over gjennomsnitt. Statistikken syner likevel at den prosentvise delen blant storabuane som er medlemmer av statskyrkja, som vert døypte og konfirmerte, er synkande.

Næring, miljø og kultur

Målsetjing for 2013	18	Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og kulturygg	23
Næringsarbeid.....	18	Kulturtenester	24
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	18	Stord Folkebibliotek.....	27
Landbruk og miljø	18	Målloppnåing	27
Stord hamnestell	20	Nøkkeltal	28
Nøkkeltal	22	Brann, redning og feiing.....	29

Næring, miljø og kultur

MÅLSETJING FOR 2013

Kommunen sine overordna målsettingar ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Stord kommune skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert gjennom å følgja opp målsettingane innanfor mellom anna desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Areal

NÆRINGSARBEID

I 2013 har mykje av Stord kommune sitt arbeid med næringsutvikling og reiseliv gjort av Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Tidlegare har Samspelsforum for Næringsutvikling (SNU AS) vore kommunen sin hovudsamarbeidspart og utøvande organ på det som går på næringsutvikling. SNU AS vart i 2012 fusjonert med Atheno AS, som skal vera eit regionalt utviklingsselskap. Stord kommune har så langt ikkje avklara korleis samarbeidet med det nye selskapet skal leggjast opp, men Atheno AS vil venteleg vera ein av tilbydarane i samband med at kommunen på slutten av 2013 la ut førstelinetenesta for næringsetablerarar på anbod.



SAMARBEIDSråDET FOR SUNNHORDLAND

I 2013 fekk Samarbeidsrådet 368 220 kroner i driftstilskot frå Stord kommune. I tillegg løvdde kommunen 217 932 kroner til reiselivsarbeidet i Sunnhordland i regi av Samarbeidsrådet og 36 322 kroner til fellestiltak.

Samarbeidsrådet si hovudoppgåve er regional utvikling. I dette ligg også næringsutvikling, samferdsle, reiseliv, omdømmebygging, rammevilkår med meir. Rekruttering og omdømmebygging er eit prioritert område i Sunnhordland. Samarbeidsrådet skal blant anna styrkja regionen som bustadregion og gjera regionen meir attraktiv mellom anna for å trekka til seg kvalifisert arbeidskraft.

Stord kommune har vore representert på reiselivsmesser med meir gjennom Samarbeidsrådet. Reiselivssamarbeidet omfattar òg annonsering og produksjon av brosjyremateriell. Kommunen hadde også i 2013 turistinformasjon i Kundetorget og i Kulturhuset.

Filmen «Bu i Sunnhordland» vart lansert i november, med mål å lokke fleire til regionen. Filmprosjektet var leia av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (foto: Samarbeidsrådet for Sunnhordland).

I tillegg vart det innleia eit samarbeid med Grand hotell om informasjonsteneste.

Arbeidet med næringsutvikling i Samarbeidsrådet er todelt; rettleiing av etablerarar / bedrifter og prosjektarbeid. Samarbeidsrådet tilpassar etableraroplæringa etter modell frå Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har det overordna ansvaret for bruken av midlane til det regionale næringsfondet i Sunnhordland. Midlane kan nyttast i alle kommunane utanom Stord, som ikkje er plassert innanfor verkemiddelområdet for næringsstøtte.

LANDBRUK OG MILJØ

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor har ei mangfoldig brukargruppe, alt frå næringsutøvarane i landbruket til folk flest. Med oppgåver innanfor landbruk, natur-, miljø-, areal-, og viltforvalting og havbruk med meir vert

Både sauehaldet og kjøtproduksjonen på storfe held seg godt oppe.
På biletet bonden Sigmund Hystad. (foto: Aase Rygg Nøttveit).

krinsen av brukarar stor. I høve kjøp og sal av eigedom er kontoret årleg involvert i eit hundretals transaksjonar etter konsesjonslova. Godt samspele med statlege styresmakter og kommunale kontor er viktig.

Også i 2013 selde landbruks- og miljøkontoret skogkompetanse til Bømlo og Austevoll kommunar. Det vart sendt ut to informasjonsskriv frå landbruks- og miljøkontoret, og det vart starta opp med nyhetsutsending på e-post og SMS. Desse informasjonstiltaka er blitt godt mottekte blant brukarane, noko som kom fram i evalueringa som vart gjennomført i løpet av året.

"Mangfold – Verdiskaping – Trivsel" er visjonen for landbruket i kommunen, utforma i landbruksplanen for Stord og Fitjar 2005-2015. Landbruket er inne i ei utfordrande tid, der omstilling og nytenking er viktige moment. Visjonen for landbruket gjev, trass i sitt bidrag på rundt ein prosent til sysselsetjinga i kommunen, mål og meining til den verdiskapinga landbruket utgjer. Landbruket på Huglo står sterkt, medan det sterke utbyggingspresset på det bynære landbruket kring Leirvik byr på utfordringar. Likevel gjev det også muligheter, mellom anna til attåtnæring.

Mjølkeproduksjonen syner ein nedgang på om lag 10 prosent frå 2012. Ein mjølkekvote er seld slik at samla mjølkekvote no er 0,98 millionar liter, fordelt på ni produsentar og sju føretak. Positivt er det likevel at einskilde satsar for framtida med investeringar i nybygg til mjølkeproduksjon (Huglo) og at både sauehaldet og kjøtproduksjon på storfe held seg godt oppe. Dette er også viktig for å halda kulturlandskapet i hevd.



Samla produksjonstilskot i jordbruket i 2013 var 8 146 683 kroner fordelt på 69 søknader (inkludert ei samdrift). I 2013 fekk Stord kommune løyvd 200 000 kroner i Særskilte Miljøtilskot i Landbruket frå Fylkesmannen i Hordaland. Det vart til saman løyvd 226 600 kroner til fem tiltak. Tilskota gjekk til restaurering av verneverdige bygg og rydding av kulturbete. Ein søknad var knytt til naturlandskap og sjøfuglbestand. Det vart utbetalt 197 820 kroner gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i dei 23 søknadane for 2013. 61 536 kroner av desse vart løyvd til Stord beitelag BA til organisert beitebruk. Det vart i 2013

sanka 2 564 sau og lam i Stordfjellet.

Det har vore ein jamn aktivitet i skogane i Stord. Relativt gode tømmerprisar gjer det lønnsamt, og mykje skog er snart hogstmogen. Det vart avverka omlag 2000 m³ gran og furu. Dette er bra med tanke på uttak av gran som vart planta på 50- og 60-talet. I åra framover vert det viktig å rusta opp kommunale vegar og skogsvegar slik at me kan henta ut det tømmeret som vert hogge. Det førebuande arbeidet med ein hovudplan for skogsvegar er ferdig.

Inge Espenes vart tilsett som ny hamnesjef
(foto: Renate Risnes).

Det vart felt 135 hjort på Stord i 2013, og det gjev ein fellingsprosent på 94. Stord kommune har god beredskap og rutinar for ettersøk og avliving av skadd hjortevilt. I 2013 vart 18 påkøyrd hjort i kommunen registrert. I Brandvik landskapsvernområde på Huglo er det starta opp eit prosjekt for å hindre beiteskade på barlind. Utvalde trær er utstyrt med ulike patent for å hindre beiting av hjort. Tiltaket er tildelt midlar frå Fylkesmannen, og er eit pilotprosjekt for å lære meir om kva metodar som fungerer best.

Det er inngått ny avtale om veterinæravakttenestene med fem veterinærar. Stord vaktområde består av kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Vaktordningane er delfinansiert med statstilskot.

Landbruks- og miljøkontoret har vore prosjektleiar for Vassområde Sunnhordland. Arbeidet krev 50 prosent stilling. I 2013 har hovudoppgåvene vore å få oversikt over vassdragskvalitet, få innspel på tiltak i vassførekomstar som ikkje har god økologisk tilstand og laga tiltaksanalyse for Vassområde Sunnhordland.

STORD HAMNESTELL

Stord hamnestell skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune. Dagens rutetrafikk går over Leirvik hamn (hurtigbåt) med 5 712 anløp og ferjekaiane Skjersholmane og Jektevik med 17 328 anløp. Offshore- og større stykkgodstrafikk går stort sett over Eldøyane. Av andre anløp var 860 frå innanriks- og 302 frå utanriksfart. Samla vart det 24 202 anløp i 2013, med i alt 59 340 tonn gods over offentleg kai.




Stord hamnestell har to godkjente ISPS hamner (International Ship and Port Security), Stord hamn, Eldøyane og Leirvik hamn ISPS-terminal. Det er også fire godkjende privateigde ISPS-terminalar i Stord og ytterlegare tre terminalar ventar på godkjenning. Ein ser at party til ISPS-terminalar er aukande. I 2013 vart det utarbeida ein sårbarheitsanalyse for Stord kommune sitt sjøområde. I 2013 starta hamnestellet førebuingssarbeidet i samband med at cruiseskipet MS Albatross anløper Leirvik hamn. 2. juni og 2. september 2014».

Stordfest vart avvikla 27.-30. juni 2013. Under festivaldagane var hamna var full av seglskuter og gjestehamna var nær fullt belagt. Stord hamnestell var bemanna døgeret rundt og fekk gode tilbakemeldingar frå publikum. Hamnestellet hadde og eit samarbeid med Stord Båtlag, som i god dugnadsånd stilte til disposisjon båtlaget sine ledige båtplassar for besökande.

Beredskapsbåten «Blåkraft» vert brukt av hamnestellet og brannstellet ved forureiningar og elles ved førespurnad frå politi eller annan offentleg styresmakt. Redningsselskapet sin båt, «RS Simrad Færder», vart godkjent som redningsfarty i 2013. Båten har kaiplass i Leirvik gjestehamn utanom sesong, men skal etter kvart ha fast kaiplass ved Eldøyane. Å ha ein godkjent redningsbåt i kommunen sitt sjøområde er ein styrke for beredskapen i kommunen.

Hamnesjefen er nestleiar i IUA Haugesundregionen. Dette er et samarbeid mellom 18 kommunar. Stord Kommune har også eigen beredskap, og har utstyr til å rykka ut i akutt-tilfelle. Oljevernberedskapen for sjø er det hamnestellet og brannstellet som står for. Hamnestellet har i år oppgradert lageret av oljelenser og oljevernutstyr.



Stord hamnestell har ferdigstilt og teke i bruk ny kaipir på Eldøyane (foto: Lars John Bukkøy).

omsett. Stord Båtlag har i 2013 erstatta det gamle bryggeanlegget i indre Leirvik hamn med to nye brygger. Dei nye båtplassane vart fullteikna på kort tid.

Hamnestellet har som mål å liggja i toppen bland populære gjestehamner. Det vart også i 2013 gjennomført ei brukarundersøking i gjestehamna. Denne gav gode tilbakemeldingar. Hamnestellet har i 2013 hatt sommarvikararar som har sytt for reinhald og orden og som stundvis har laga til vaflar og saft til besøkjande. Vinteren 2013 vart dei to betalingsautomatane i hamna oppgradert med direktebanksamband for betaling med kort. Hamna hadde noko færre gjeste plassar i 2013 då ferja «Skånevik» låg til kai i gjestehamna ved Skotabergkaien mest heile sesongen. Dette fekk følgjer for ein del større seglbåtar som då ikkje fekk plass. Flytebrygga utanfor Thiisafabrikken er planlagd 50 prosent eigd av Stord hamnestell og skal nyttast delvis til gjestehamn. Avtale med eigar av brygga er enno ikkje signert, men dette vert truleg gjort i løpet av 2014. Hamnestellet har til no kosta vatn og straum til brygga og har nyttta den som gjestebrygge i sesongen. Strandpromenaden har ført til ei meir roleg og barnevennleg hamn. Grillhuset og leikeplassen er i bruk stort sett heile året, både av fastbuande og båtgjester. Det er innreia ein sokkeletasje i nærleiken av Sagvåg hamn med fellesrom, dusj, toalett og vaskemaskin. I 2013 vart det lagt opp til fast straum- og vassforsyning i Sagvåg.

Leirvik småbåthamn har over 200 leidgetakrarar og ein arbeider med å leggja til rette for fleire båtplassar. Hamnestellet har ein god og stabil kundemasse i småbåthamna i Leirvik, i 2013 vart berre éin båt plass

Tal overnattingsbåtar i Huglo, Sagvåg gjestehamn og Leirvik gjestehamn var i 2013 rett over 3000. Ein kan då gå ut i frå at det var over 8000 besøkjande i gjestehamnene

i sommarmånadane. Hamnestellet ser at båtsesongen vert lengre for kvart år, i 2013 avslutta ein teljing av besøkjande i hamna 1. september.

Stord hamnestell har i vinter hatt ferja «Skånevik» i opplag i hamna. Veteranbåten «Granvin» har i sommar ved sine turar hatt anløp og kai ved Sunnhordlandskaien, og Sunnhordland Motormuseum har av og til veteranbåtar på vitjing ved Nattrutekaien.

Stord hamnestell har i 2013 teke i bruk ny kaipir på Eldøyane. Oppgradering av overvakkingssystemet for terminalen vart også utført. Den nye piren har medført auka trafikk til ISPS-terminalen på Eldøyane då ein no kan ta imot større party enn tidlegare. Hamnestellet har starta med utfylling ved den nye piren, ein vil i det vidare prioritera å få på plass pullertar og kaifront for å nytta området fullt ut.

Moloen på Huglo er no bygd og teke i bruk av båtlaget på Huglo. Prosjektet vert etter planen ferdigstilla i 2014.

NØKELTAL

Driftsrekneskapen (1000 kroner):	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP	REKNESKAP
	2013	2013	2012	2011
Sum driftsinntekter	-7 721	-7 823	-6 919	-7 350
Sum driftsutgifter	7 773	6 753	6 155	6 140
Brutto driftsresultat	52	-1 070	-764	-1 210
Resultat ekst. finanstransaksjoner	825	539	262	257
Motpost avskrivningar	-1 545	0	-1 412	-1 234
Netto driftsresultat	-668	-531	-1 913	-2 187
Finanstransaksjonar	0		902	1 085
Resultat etter int. finanstransaksjonar	-668	-531	-1 012	-1 102

Skogatufto barnehage markerte opning av nytt aktivitetsanlegg og uteområde i oktober (foto: Emma Ölander Aadland).

FYSISK AKTIVITET, IDRETT, FRILUFTSLIV OG KULTURBYGG

Det er Stord kommunale eigedom KF som driftar idrettsanlegga som Stord kommune eig. Utleige av gymnastikksalar vert gjort av rektorane, medan Stord kommunale eigedom KF tildeler treningsstid ved kommunale fotballbanar. Stord idrettspark har i tillegg til eiga verksmed ansvar for drift og utleige av Prestagardskogen fleirbrukskalla.

I januar vart det sendt inn 28 godkjende spelemiddelsøknader (23 til ordinære idrettsanlegg og fem til nærmiljøanlegg) med samla kostnadsoverslag på 89,6 millionar kroner. Det vart søkt om nær 20 millionar kroner i tilskot. Etterslepet i søknadsmassen er redusert til 3-4 år. Stord kommune fekk tilsegn på om lag 7,5 millionar kroner i spelemidlar, det høgaste nokon gong for Stord kommune.

Det nye klatreanlegget på Langeland skule er mykje nytta. Borna i Skogatufto barnehage er svært nøgde med det nye aktivitetsanlegget som opna i oktober.

Dekket på Nysæter idrettsanlegg vart skifta på både 11ar og 7ar bana. Nytt kunstgras vart lagt oppå det gamle, noko brukarane gjev gode tilbakemeldingar på.

Rehabilitering og utviding av helseportløypa i Prestagardskogen har ført til auka bruk. Arbeidet med regionalt hestesportsenter er kome godt i gong. Senteret har fått kroner 800 000 i fylkeskommunalt investeringstilskot og 4 millionar kroner i programsatsingsmidlar frå Kulturdepartementet.





Stord-Fitjar turlag har sett opp Gapahuk i Skjepåsen. Det er laga til med bålpanne slik at ein kan koka seg kaffi og grilla. Det er mange som nyttar seg av tilbodet, særleg skular, barnehagar og barnefamiliar. «Eventyrskogen» kom på fjernsyn både i «Vestlandsrevyen» og «Norge Rundt». Det er no sett i gong arbeid med utbetring av vegen frå dette området og attende til Lysløypa i Landåsen. Oppgradering av turveg frå Heio til Steinen er i gong, og lysløypa i Hustrudalen vart offisielt opna av ordføraren i samband med eit arrangement i regi av Bydelsbloggen.

Det vert framleis arbeidd med internasjonal merkestandard (gradering av vanskegrad) for ei rekke

av turstiane på Stord. Standarden er den same som for alpint, der det går frå vanskeleg til lett med fargane svart, raudt, blått og grønt. Totalt 36 ulike turstiar på Stordøya skal merkast med skilt og informasjonstavler.

Prosjektet med kartlegging av lokale friluftsområde er vidareført. Ein ønskjer å registrera og verdsetja dei mindre friluftsområda i kommunen. Målet er å ta vare på flest mogleg av disse og hindra at dei vert bygde ned.

Det er mange idrettsanlegg i Stord kommune. Ein merkar ein klar tendens til at fleire av desse no treng rehabilitering/oppgradering. Stord kommunale eigedom KF arbeider med rehabiliteringsplanar for Vikahaugane

Det er sett i gong arbeid med utbetring av vegen frå «Eventyrskogen» og attende til Lysløypa i Landåsen (foto: Renate Risnes).

og andre anlegg. Fond for utlån til lag og organisasjoner hadde i utgangspunktet ei ramme på 12 millionar kroner. Ved årsskiftet var det i underkant av 3,4 millionar kroner til rådvelde.

Ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er under arbeid og skal vera ferdig våren 2014.

Det vart sendt inn ein søknad om midlar til lokale kulturbygg, til kinosalen i kulturhuset. Kommunen fekk tilsegn om 208 000 kroner slik at ein samla har fått 500 000 kroner til utskifting av stolane i kinosalen.

Kommunen har eit aktivt lag- og organisasjonsliv. I 2013 bør særskilt innsatsen Stord-Fitjar Turlag har lagt ned med skilt og informasjonstavler nemnast.

KULTURNESTER

40 209 personar var på kino i Kulturhuset i fjar. Dette er ein nedgang frå 2012 der talet var 43 448. Mest sett vart «Solan og Ludvig – Jul i Flåklypa». 26. januar vart Stord kommunale kino 75 år og dette vart feira med kake og gratis barnefilm.

10 813 personar kjøpte billettar til sceneaktivitetar: Turnépremiere på «Bikubesong», besøk av «Vamp», iskonsert med «Isungset», «Hanne og Tenorane», «Nordic tenors», «Robin Hood», «Sagvåg Musikklag» med Heine Totland, Ynskjekonsert med «Songlaget Stordabuen» og slepekonsert med «Goldlog» for å nemna noko.

I mars stod Stord Masters som arrangør av NM i masters i symjehallen i Stord kulturhus (foto: Kay-Vidar Andersen).

Det var og stor aktivitet på offentleg bading med nær 23 000 besøkjande. Symjehallen var stengt i desember på grunn av arbeid med nytt ventilasjonsanlegg. Når det ikke er offentleg bading er symjehallen i bruk av skular og idrettslag.

I mars stod Stord Marsters som arrangør av NM i masters (symjing). Meisterskapen vart ein stor suksess og det vart sett mange nye rekordar. Det heile vart toppa med bankett i vestbylen.

Det er populært å feire fødselsdagar i kultursenteret. Senteret blir elles brukt av «Mandagsklubben», «Onsdagsklubben» og «Festivo». Kulturskulen har i tillegg ein del av danseundervisninga si der, sjølv om lokalna ikkje er godt egna til dans.

«Den kulturelle spaserstokken», skal syta for at eldre menneske får eit profesjonelt kulturtilbod. Laurdag 21.september vart «Storm Weather Shanty Choir» hyra inn til å ha seniorkonsert i kulturhuset. Stord kulturskule hadde ni samlingar i vestbylen i løpet av året. Desse samlingane baud på variert program med rørsle, song, konsert og kaffiservering. Stord folkebibliotek har arrangert to samlingar på Knutsaåsen.

Då det ikke er løyvt midlar til arbeidet med busetnads-soge, arbeider lokalhistorisk prosjektgruppe i hovudsak med å få samla inn og lagt til rette viktig kjeldemateriale for framtida.

Ungdommens kulturmönstring (UKM) skal vera ein visningsarena for ulike talent i ulike sjangrar. Mönstringa



vart arrangert i kulturhuset 2. februar for kommunane Fitjar, Tysnes, Bømlo og Stord. Frå Stord gjekk Jørgen Bauge, Tiril Einarsdotter, Magnhild Halland og Morten Stenersen vidare til fylkesmönstringa i Oseana på Os.

Scenekunst for barn og unge blir årleg feira med eigen festival. På Barne- og ungdomsfestivalen i fjor gjennomførte ein 17 teaterframstyringar, kurs i teatersport, teatersportshow, vassdiskotek og diskotek. 242 barn/unge og 45 vaksne frå mange ulike kommunar deltok ei hel helg.

Den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu vart gjennomført 2.-8. november. Einar Økland var festivalforfattar. Festivalen var svært vellukka og hadde høgt aktivitetsnivå med lokale og nasjonale aktørar.

Stord kommune nyttar Stord Musikklag sin nyttårskonsert til å dela ut ei rekke prisar. Kulturprisen for 2013 gjekk til Sagvåg kystlag, målprisen til Byrået, kulturstipendet til Johanne Engevik Olsen og eldsjelprisen til Sverre Vinje. Seniorprisen blei delt ut på eldredagen til Eldrid Tislevoll.



Blant anna danseensemplet ved Kulturskulen held danseundervisning i Meieriet. Frå venstre: Sandra J. Lambrechts, Oda Bennett L. Lund, Selma Linnea Tverås og Ragna Bogsnes Hegge (foto: Jorunn Gravem Whittaker).



Venelaget har rydda og utført vedlikehald i og rundt Leirvik fyrstasjon (foto: Astrid Larsen).

For første gong blei Stordfest arrangert på kulturhuset sitt uteområde og huset elles blei brukt til kontor for arrangøren, garderobar og kvilerom for artistar og til klubb etter konsertane. Det synte seg at arealet høvde godt til denne type arrangement.

Leirvik fyrstasjon

Stord kommune kjøpte Leirvik fyrstasjon for å sikre området for allmenta og til bruk for kunst- og kulturaktivitetar. Målet er å setje bygningane i stand og betra lendingsplassen. Det var ikkje sett av midlar til å rusta opp fyrstasjonen, men venelaget har rydda og utført mykje godt vedlikehald i og rundt husa.

Utsmykkingsfondet

Ved nybygg og ved sal av kommunal eigedom vert det i samsvar med retningsliner vedteke av kommunestyret sett av midlar til kunstnarleg utsmykking. Midlane vert sett av på eit fond og det er oppnemnt eit styre som har fullmakt til å nytte fondet. Styret i utsmykkingsfondet kjøpte i 2013 «Fish Woman» av den lokale kunstnaren



Styret i utsmykkingsfondet kjøpte «Fish Woman» av Inga S. Søreide. Utsmykkinga vart montert i Eyjo i Leirvik hamn, og medførte stor merksemd og debatt (foto: Håkon Frode Særsten).

Inga Søreide. Innkjøpet medførte stor merksemd og ein spanande debatt. Skulpturen er plassert i Osen.

Dei seks skulpturane kalla «Hattane» av kunstnaren Bård Breivik er plasserte ulike stader i Leirvik sentrum. I desember 2013 var avtalen om lån av skulpturane utvida i eitt år til. «Båtfeste» av Bård Breivik er hengd opp i vestibulen i Stord kulturhus. Det vart løyvd kroner 150 000 til utsmykking av møteplass / leseplass i kulturhuset.

Fritidsklubbane

Besøkstala på Litlabø og Harri fritidsklubbar har kvar klubbkveld variert mellom 25-30 ungdommar. Alderen på ungdomane som brukar klubbane har gått frå å vera i overkant av eldre ungdomar (vidaregåande-alder) til yngre ungdomar (8. og 9. klasse). Miljøet i klubbane er godt og aktivitetsnivået høgt.

I Hurtigkartlegginga “Ung i Sagvåg og Litlabø” som tok føre seg identitet, fritid, trivsel og lokalt engasjement

rundt ungdom i alderen 13-17 år (2012), vart Litlabø fritidsklubb trekt fram som eit viktig tiltak for ungdomane i området. I sluttrapporten står det følgjande:

“Fritidsklubben blir framheva som ein viktig ressurs i området. Også i ungdomsmøtet blir klubben trekt fram som ein viktig og inkluderande ressurs i området. I forhold til observasjonar som er gjort i kartlegginga, blir det lagt merke til stor deltaking både i og utanføre klubben.”

Mandags- og Onsdagsklubben held til i kultursenteret i kulturhuset. Klubbane er godt besøkte av dei som er i målgruppa.



STORD FOLKEBIBLIOTEK

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gjev statistikk om ressusrinnstasjonen, prioriteringar og måloppnåing i m.a. kommunar. Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for biblioteka i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

BIBLIOTEK, MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Netto utgift til bibliotek, per innbyggjar	Stord	Stord	Stord
200	211	169	
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	3	2,5	2,7
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3	1,9	1,7

I 2013 vart det faglege samarbeidet mellom folkebiblioteka i Sunnhordland vidareført og ei felles nettside vart lansert. Biblioteksamarbeidet i Sunnhordland gjeld no kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Med små miljø har biblioteka godt utbyte av samarbeidet. Stord og Fitjar har eit særleg nært samarbeid, mellom anna med transportordning mellom biblioteka, og same database.

Hovudbiblioteket og Litlabø filial har til saman mellom 600 og 1000 besøk kvar veke. Dette gjeld alle typar besøk; låن, informasjon, bruk av Internett med vidare.

Informasjonsoppgåvene kan vere tidkrevjande, og gjeld mellom anna innlån av media frå andre bibliotek. I alt vart det i 2013 lånt inn 1 366 media. I tillegg kjem innlån

av bokdepot for framandspråklege, som er ei viktig brukargruppe ved biblioteket.

2013 var eit aktivt år i barnebibliotekverksemda. Biblioteket arrangerte eventyrstund for forskulebarn 18 gonger i 2013. I alt var 576 barn til stades. I samarbeid med Sunnhordland museum har biblioteket hatt åtte teaterframstyrningar for forskulebarn.

16 klassar frå grunnskulen og vidaregåande skule har i 2013 vore på biblioteket for informasjon og lån. Litlabø filial har elles hatt regelmessige besøk for Sagvåg og Litlabø skular.

Hausten 2013 hadde foreininga Øyo og Stord folkebibliotek eit samarbeid om tre arrangement med

godt besøk. Stord og Fitjar folkebibliotek markerte i byrjinga av året biblioteka sine 150-årsjubileum gjennom ulike arrangement.

Biblioteket har elles fått utvida samlinga av lydbøker og film i 2013. Mykje datautstyr er skifta ut. Til biblioteket si lokalhistoriske samling er det kjøpt inn eit nytt leseapparat for mikrofilm.

NØKKELTAL

Kultur	2013	Stord	2011	Samanlikn. kommunar	
				2013	Landet utan Oslo 2013
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar	1 359	1 467	1 939	1 585	1 908
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	211	169	180	257	267
Utlån alle medier frå folkebibliotek per innbyggjar	2,5	2,7	2,4	4,0	4,3
Besøk per kinoframsyning	31,2	38,6	43,1	20,6	26,6
Netto driftsutg. til aktivitetstilbod barn og unge per innbyggjar	53	60	55	141	163
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	58	53	31	133	215

Nøkkeltala syner ein nedgang frå 2012 (netto driftsutgifter til sektoren). Dette skuldast at internhusleige til Ske KF for Vikahaugane og Nordbygdo idrettshall er med i tala for 2011, medan dei er teke ut i 2012 og 2013. Kommunen brukar mindre til kulturføremål enn gjennomsnittet av kommunane i samanlikningsgruppa.

BRANN, REDNING OG FEIING

Beredskapsavdelinga har hatt stor aktivitet med øving og opplæring noko som er svært viktig i ein beredskapsorganisasjon. Det var 121 utsyrkingar i 2013 mot 94 i 2012. Eininga har godt og tenleg utsyr som står i høve til dei utfordringane mannskapet står overfor. Unnataket her er brannbilen i Sagvåg som burde vore skifta ut. Jamleg fornying av utstyr er naudsynt for å oppretthalda god og effektiv beredskap.

Førebyggjande avdeling gjennomførte 100 branntilsyn i særskilde brannobjekt («§13 bygg») i 2013. Tilstanden er varierande, men vert stadig betre. Både på kommunalt og nasjonalt nivå er førebyggjande brannvern satsingsområde og avdelinga har hatt stor aktivitet i 2013. Feiarvesenet har gjennomført 551 bustadtillsyn og 1674 feiingar i Stord kommune. Avdelinga sel og slike tenester til Fitjar kommune der det er gjennomført 250 bustadtillsyn og om lag 500 feiingar. Statistisk er det få pipebrannar i Stord kommune, noko som kan tyde på at avdelinga driv godt førebyggjande arbeid.

Eininga har stabilt personell og lite sjukefråvær. Grunna stort sal av tenester har ein i 2013 eit tilfredstillande økonomisk resultat.

Stord kommune har gjennomført analyse av brannrisiko og sårbarheit i Stord brannvesen. Med bakgrunn i denne har ei prosjektgruppe arbeidd med eit forstudie der ein ser på Stord brannvesen si framtidige organisering, dimensjonering, kaserneringsordningar og lokalisering. Forstudier skal politisk handsamast 1. halvår 2014.



Jamleg fornying av utstyr er naudsynt for å oppretthalda god og effektiv beredskap, og brannbilen i Sagvåg er snart utgått på dato
(foto: Åge Aadland).

Forvaltningsstyret

Målloppnåing	31
Plan og byggesaker	32

Forvaltningsstyret

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for regulering, byggesak og oppmåling i Stord kommune.
Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

REGULERING BYGGESEN OG OPPMÅLING, MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Sakshandsamingstid, reguleringsplanar (dagar)	<240	257	261
Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)	<70	130	86
Del søknad om tiltak der kommunen har brote pålagt sakshands. tid(%)	0	8	10
Handsamingstid, eit-trinns søknader (dagar)	<35	56	45
Handsamingstid, rammesøknader (dagar)	<35	60	...
Handsamingstid, enkle tiltak (dagar)	<15	21	20

Aktiviteten innan plan, byggjesak og oppmåling var høg i 2013.
Link Arkitektur AS har utforma planen for Hamnegata
(foto: Nina Sørli).

PLAN OG BYGGESEAKER

Aktiviteten innan plan, byggjesak og oppmåling har vore høg i 2013. Det vart handsama og vedteke reguleringsplanar for fleire nye store utbyggingsområde og byggeprosjekt (Heiane Sør, Almås utmark, Hamnegata, Osenkvarтаlet med vidare) og handsama fleire omfattande byggeprosjekt og gjennomført fleire oppmålingsforretningar.

Byutvikling, senterstruktur og samferdsle er eit viktig fokusområde i kommuneplanen. Reguleringsplanane for Osenkvarтаlet og Hamnegata legg grunnlaget for meir bymessig utbygging og kvartalsstruktur i tråd med kommuneplanen. Det var mykje diskusjon om byggehøgder og dei vedtekne reguleringsplanane opna for at det kan byggjast i ni og ti høgder.

Gebyrinntektene var ca. 1,4 millionar kroner høgare enn budsjettet og eininga hadde eit overskot i 2013 på ca. 0,2 millionar. Det er utarbeidd kalkyler for betalingstenestene og bestemt at mogelege overskot skal setjast av til bundne sjølvkostfond. I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter med vidare. Når budsjettet vert fastsett er det fleire usikre faktorar knytt til gebyrinntektene, m.a. kor mange søknader som kjem inn og type saker. Også i 2013 har ein person på oppmåling vore fristilt på heiltid for å vera prosjektleiar for eigedomsskatteprosjektet. Eininga har elles hatt full bemanning og har hatt lite sjukefråvær. Handsaming av nye saker og klagesaker har vore prioritert, og sakshandsamingstida har vore innanfor lovpålagte fristar.



Men på grunn av mange saker har eininga heller ikkje i 2013 hatt ressursar til eller kunne prioritera å gjennomføra tilsyn i byggesaker eller kunne følgja opp ulovlege bygetiltak i den grad som har vore ønskjeleg.

Oppvekst og utdanning

Barnehagane	34	SLT	42
Målloppnåing	34	Utekontakten.....	43
Nøkkeltal	36	Støtteteamet	43
Skulane	37	Barnevern	44
Målloppnåing	37	Målloppnåing	44
Nøkkeltal	39	Nøkkeltal	45
Sosial- og førebyggjande tenester	41	Kulturskulen	46
Skule- og helsestasjonstenesta.....	41	Målloppnåing	46
Nøkkeltal	41	Nøkkeltal	47
PP-tenesta	42		

Oppvekst og utdanning

BARNEHAGANE

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for barnehageområdet i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

BARNEHAGE MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Andel styrarar og pedagogiske leirarar med godkjent førskulelærarutdanning (%)	>95,0	97,0	96,1
Andel assistenter med relevant utdanning (%)	>30	38,8	27,7
Leike- og oppholdsareal per barn i komm.bhg (kvadratmeter)	4,8	4,6	4,7
Del tilsette som er menn (%)	>3,8	4,7	3,1
Andel minoritetsspråklige born i barnehage (%)	>67	...	69,7
Tal førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7	<20	...	21

Det er 21 barnehagar i kommunen, fem kommunale og seksten private. 15. desember 2013 gjekk 1 152 barn i barnehage på Stord, mot 1 129 same dato i 2012. Denne auken skuldast mellom anna at Sæ barnehage flytta inn i nytt bygg på Ås. Det er godkjent for fleire barn enn dei mellombels lokal barnehagen nytt på Ådland.

Alle barn med rett til barnehageplass fekk plass i 2013. I tillegg har nærmere 30 barn utan slik lovfesta rett fått plass.

Kommunestyret vedtok hausten 2013 å gje tilskot til 100 nye storbarnsplassar i Tyse FUS barnehage frå 2015. I desember vedtok Komité for oppvekst og utdanning å leggja forslag til planprogram for kommunedelplan barnehage ut til offentleg høyring og varsle oppstart av arbeidet med barnehage-planen i medhald av plan- og bygningslova §11-12 og §11-13.

Det vart gjennomført sju tilsyn i barnehagar i Stord kommune i 2013. Avvik som vart avdekka var manglande informasjonsrutinar og mangelfullt innhald i barnehagen sin årsplan. Fylkesmannen i Hordaland hadde to tilsyn med Stord kommune som barnehagemynde i 2013. Kommunen fekk eitt avvik knytt til detalj i tidlegare vedtak.

15. desember 2013 gjekk 1 152 barn i barnehage på Stord, mot 1 129 same dato i 2012 (foto: Helena Schwartz Kvarme).

Hausten 2013 starta Stord kommune med tilbod om rettleiing for nytilsette og nyutdanna pedagogar i kommunale og private barnehagar. Ti personar deltek og samtlege er frå private barnehagar.

Forum for oppvekst (FOS) er eit regionalt samarbeid for kommunane i Sunnhordland med fokus på kompetanse-utvikling, utviklingsarbeid tilsyn i barnehagar og anna. Om lag halvparten av barnehagane i kommunen har delteke på kursa og fleire pedagogar deltok på vidareutdanning i spesialpedagogikk som FOS har arrangert i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund.

Kommunestyret vedtok hausten 2013 «Retningsliner for barnehagar ved endring i talet på barn». Retningslinene inneheld krav om to teljetidspunkt per år, eit nasjonalt teljetidspunkt 15. desember og eit lokalt i august. To teljetidspunkt per år er med å sikra eit jamt tal barn i barnehagane gjennom heile året. Ein reknar ikkje med at retningslina vil medføra auka kostnad for kommunen.

Dei kommunale barnehagane hadde i 2013 utfordringar med å skaffa vikarar. Dersom dette held fram kan det føra til uheldige konsekvenser for kvaliteten i barnehagane.



NØKKELTAL

Barnehagar	Stord	Samanliknings- kommunar			Landet utan Oslo
	2013	2012	2011	2013	2013
Netto driftsutgifter i barnehagesektoren av kommunens totale netto driftsutgifter (mill. kr)	15,9	16,3	14,7	15,2	14,4
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år (kr)	105 799	112 584	96 333	114 928	119 085
Tal barn 1-5 år med barnehageplass (%)	89,7	90,6	86,5	91,1	90,8
Tal barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage (%)	24,7	24,0	24,5	41,6	50,4
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert oppholdstime (kr)	50	50	47	53	54
Kommunale overføringer av driftsmidlar til private barnehagar per korrigert oppholdstime (kr)	38	38	34	39	39
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehagar	12 006	12 135	11 741	11 817	11 407
Andel tilsette med førskulelærerutdanning (%)	42,2	37,4	37,6	33,9	34,1

Barnehagedekninga har gått ned i 2013. Dekningsgraden var 15.12.13 på 89,7 mot 90,6% i 2012. Kommunen nyttar no, etter at rammefinansiering er innført, 15,9 % av netto driftsutgifter til barnehageverksemd. Heile 42,2 % av barnehagetilsette i Stord kommune har førskulelærerutdanning, mot 34,1 % i landet elles utanom Oslo.

SKULANE

Nedanfor finn ein tal for skuleområdet i Stord kommune. Nasjonale kvalitetsundersøkingar som nasjonale prøvar og elevundersøkinga vert lagt til grunn for å måla læringsutbyttet og læringsmiljøet til elevane. Tala syner kommunen si måloppnåring på utvalde satsingsområde. Måla tek utgangspunkt i erfaringstal.

GRUNNSKULE MÅLEOPPNÅING	mål	resultat	resultat	Fylket
	2013	2013	2012	2013
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	>39,6	40,0	39,6	40,3
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,0	1,8	2,0	1,9
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,9	2,9	2,9	3,0
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,9	3,3	3,4	3,4
Læringsmiljø: Meistring 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,9	3,9	3,9	3,9
Læringsmiljø: Meistring 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,8	3,8	3,8	3,8
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,5	3,3	3,3	3,4
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 10. trinn (I skala frå 1-5, 5 best)	>3	2,8	2,8	3,1
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	>1,4	1,4	1,4	1,4
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (Her tyder låg verdi på lite mobbing.)	>1,3	1,4	1,4	1,4
Læringsmiljø: Sosial trivsel 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,4	4,3	4,3	4,4
Læringsmiljø: Sosial trivsel 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,3	4,2	4,2	4,2
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,1	2,9	2,9	3,2
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>2,6	2,4	2,4	2,6
Elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som avslutta ungdomsskule (i %)	>97,4	97,4	x	98,4

Tala i tabellen er henta frå desse undersøkingane og syner måloppnåringa til kommunen på utvalde områder i grunnskuleopplæringa



I mars vart nybygget offisielt opna på Langeland skule med ei storstått markering med korpsmusikk, bollar og saft (foto: Nina Sørli).

enkeltvedtak. I august 2013 kom eit forslag til lovendring som skal sikra at skulane gjer ei grundig vurdering av om den enkelte elev kan få eit tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet før dei melder eleven opp til PPT. Det er eit mål med lovendringa å få redusert tal på elevar som mottar spesialundervisning, men som erstatning må dei sikrast tilrettelegging og tiltak innanfor ramma av tilpassa opplæring (TPO). Prosjektet, lesedugleik har ført til at skulane, gjennom satsinga på lesinga, har utvikla ny kunnskap og fått verktøy til disposisjon som skal vera til støtte for leseopplæringa. Når det gjeld mål om å betra elevane sin lesedugleik så syner resultat på nasjonale prøvar ikkje betring og sluttrapporten konkluderer med at resultata ikkje er så gode som forventa etter prosjektgjennomføringa. Endring i ressurssituasjonen for skulane undervegs i begge prosjekta har gjeve utfordringar ved at tiltak som var sett i gong, ikkje kunne halda fram. Dette er noko av grunnen til at ein ikkje har lukkast i å nå målsettingane.

Skuleåret 2013-14 gjekk 2 524 barn og unge ved ein av skulane i Stord kommune. 807 avdesse på ungdomsseget og 1 717 på barnesteget. Elevane ved Huglo skule går på Rommetveit skule etter vedtak i kommunestyret om innstilling av drifta ved Huglo skule inntil vidare.

I januar 2012 kom det ei eiga Stortingsmelding om ungdomsseget stortingsmelding 22 (2010-2011) «Motivasjon – Mestring – Muligheter» og i mai 2012 kom Strategi for ungdomstrinnet «Motivasjon og mestring for betre læring.» Felles satsing på klasseledelse, regning, lesing og skriving. Målet er å skapa eit ungdomssteg som gjev betre læring gjennom ei meir praktisk og variert opplæring, og som aukar elevane sin motivasjon og meistring. Frå hausten 2013 har dei tre ungdomsskulane i kommunen vore med i Utdanningsdirektoratet si oppfølging av strategien. Satsinga skal gå fram til 2017, og ungdomsskulane er godt i gong med arbeidet.

Hausten 2012 vart valfag på 8. årstrinn innført, hausten 2013 vart det valfag for 9. årstrinn og hausten 2014 for 10. årstrinn. Prosjekt "Lovfesta tiltak for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage og skule" starta våren 2011 og hausten 2013 gjekk ein over i hovudprosjektperioden.

Stord kommune avslutta i 2013 prosjektet tilpassa opplæring og prosjekt lesedugleik. Tilpassa opplæring (TPO) er eit generelt prinsipp for verksemda i skulen og er kjenneteikna av variasjon i arbeidsoppgåver, lærestoff, arbeidsmåtar, læremidlar og organisering av opplæringa. Dette skal vera ei tilpassing av opplæringa innanfor læreplanverket og fellesskapet. Målet med prosjektet var at ein større del av elevane i Stord kommune skulle få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa gjennom tilpassa opplæring og utan enkeltvedtak. Tidleg hjelpe skulle vera prioritert. Prosjektet har ikkje ført til reduksjon i talet på

Elevane har rett til vurdering. Denne retten inneber både vurdering undervegs og sluttvurdering og går fram av forskrift til opplæringslova om individuell vurdering som blir sterkt vektlagt på nasjonalt nivå. Skulane på Stord er i gong med ei kompetanseutvikling i vurdering for læring (VFL). Fire av dei har fått si opplæring gjennom utdanningsdirektoratet, fire med støtte frå Høgskulen Stord-Haugesund og dei to siste er i gong med opplæring gjennom FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland).

NØKELTAL

Grunnskuleopplæring	2013	Stord	2011	Samanlikn.- kommunar	Landet utan Oslo
		2012		2013	2013
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor, per elev (kr)	85 701	82 286	78 959	105 038	107 044
Lønsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev (kr)	73 830	70 407	67 550	79 894	80 841
Driftsutgifter til inventar og utstyr, per elev i grunnskulen (kr)	441	561	404	884	842
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen (kr)	913	970	1 213	1 355	1 381
Tal elevar***	2 525	2 601	2 598		
Årsverk for undervisningspersonale**	235,4	227,3	273,7		
Gjennomsnittleg lærartettleik 1. – 7. trinn *** (elevar pr. årsverk)	13,6	14,1	13,6	13,3*	
Gjennomsnittleg lærartettleik 8. – 10. trinn *** (elevar pr. årsverk)	13,8	15,2	15,7	14,8*	14,3
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning (%)	7,4	7,4	6,9	8,8	8,4
Timar spesialundervisning i % av totale lærartimar	23,3	22,1	20,4	18,6	17,8
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	40,0	39,6	38,5	..	40,0

* Samanlikna med Hordaland fylke

** SKULEDATA-tal 2013, *** GSI-data 2013

*** Årsverk for undervisningspersonale inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

*** Gjennomsnittleg lærartettleik er rekna ut med utg.pkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkl timar til spesialundervisning og andre lærartimar på grunnlag av individuelle elevrettar.

KOSTRA-tala 2013 syner at ressursbruken i skulane har auka sidan 2012 i Stord kommune, med unntak av driftsutgifter til inventar og utstyr og undervisningsmateriell som er redusert. Samla sett er alle driftsutgiftene langt mindre enn samanliknbare kommunar og landssnittet.

Gruppestørleiken er redusert både på barnetrinnet og ungdomstrinnet i høve til 2012. Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning er stabil i Stord kommune, men ligg likevel under samanliknbare kommunar og landssnittet. Samstundes ligg Stord kommune over samanliknbare kommunar og landssnittet i timar spesialundervisning i prosent av totale lærartimar. Grunnskulepoeng viser framgang frå 2013 og er på same nivå som landet elles utan Oslo.

Skulefritidsordninga (SFO)	2013	Stord	2011	Samanlikn.	Landet utan Oslo
		2012		kommunar	
Netto driftsutgifter SFO i prosent av samla netto dr.utg.	0,4	0,5	0,4	0,3	0,3
Netto driftsutgifter til SFO per innbyggjar 6-9 år (kr)	3 724	4 141	3 526	2 785	3 502
Andel innbyggjarar 6-9 år i SFO, prosent	41,6	42,6	42,9	59,4	61,8
Brutto driftsutgifter til SFO per brukar i kr	27 612	27 283	24 261	24 299	25 140

Utgiftene til skulefritidsordninga ligg litt over gjennomsnittet. Dekningsgraden er lågare enn for landsgjennomsnittet og har gått ned fra 2012.

Vaksenopplæring	2013	Stord	2011	Samanlikn.	Landet utan Oslo
		2012		kommunar	
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,5	0,4	0,4	0,4	0,3
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring, per innbyggjar	218	209	165	185	165

Vaksenopplæringa er organisert under Stord ungdomsskule. Kommunen nyttar litt meir av sine ressursar til dette enn samanlikningskommunane.

*Skule- og helsestasjonstenesta fekk felles fagleg leiar hausten 2013.
Biletet er frå helsestasjon for ungdom (HFU), der helsesøster Monica Brekke Fosse jobbar
(foto: Nina Sørli).*



SOSIAL- OG FØREBYGGJANDE TENESTER, SOFT

Familien gjev barn og unge ei viktig ramme for eit godt oppvekstmiljø. Det offentlege skal syte for gode forhold til familiens omsorgsoppgåver, gje råd, rettleiing, støtte og hjelp til familiar som slit med ulike vanskar og bidra til å sikre alle barn god omsorg, utvikling og læring.

Barnehagar og skular skal vera best mogeleg i stand til å møta mangfaldet av barn, unge og vaksne med behov for særleg hjelp og støtte i sin læring og utvikling.

SKULE- OG HELSESTASJONSTENESTA

Skule- og helsestasjonstenesta skal ivareta det heilskaplege, førebyggjande og helsefremjande arbeidet retta mot gravide, barn og unge i alderen 0-20 år. Dette ved å førebyggje sjukdom og skade, samt fremja god fysisk og psykisk helse. Tenesta fekk

felles fagleg leiar hausten 2013. Denne har ansvar for drift av tre helsestasjonar, skulehelseteneste ved dei ti grunnskulane på Stord samt vidaregåande skule, helseteneste til flyktningar, helsestasjon for ungdom (HFU), smittevern (tuberkulosearbeid og vaksinasjon av risikogrupper) og reisevaksinasjon/ reisemedisinsk rådgjeving.

Fylkesmannen utførte tilsyn på helsestasjonen i høve tenester til barn 0-6 år hausten 2013 og fann tre avvik fra krav i helselovgivinga. Det er sett i gong tiltak for å retta opp avvika.

Stord kommune og helsetenesta er med i prosjektet «Sunn framtid». Dette er eit samarbeid med HSH der målet er å førebyggja tilfelle av fedme. Prosjektet

skal mellom anna kartleggja behova for tiltak retta mot familiene med overvektsproblematikk, utvikla ny modell for førebyggings- behandlings- og oppfølgingstiltak, samt utvikla modell for samarbeid og arbeidsdeling mellom spesialisthelseteneste og kommunen.

NØKKELTAL

Kommunehelse	2013	Stord 2012	2011	Samanlikn.- kommunar 2013	Landet utan Oslo 2013
Netto driftsutgifter til førebygging, skule og helsestasjonstenester per innbyggjar 0-20 år i kr	1 928	2 005	1 676	1 847	1 898
Brutto driftutgifter per innbyggjar 0-5 år.					
Helsestasjon- og skulehelseteneste i kr	8 279	8 677	7 405	7 687	7 544
Tal fødde i løpet av året	235	235	218		
Del barn som har fullført helseund. innan 8 leveveke i %	86	89	112	94	96

Kommunen nyttar litt meir enn samanlikningskommunane til denne tenesta.

PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT skal arbeida førebyggjande slik at barnehagen og skulen i størst mogleg grad kjem i forkant av problema og lærevanskane. Tenesta skal etter lova hjelpe skulane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særskilde behov, samt syte for at det blir utarbeida sakkunnige vurderingar Frå nasjonalt nivå er det utarbeidd ein «Strategi for etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT 2013-2018». Føremålet med strategien er å styrke dei tilsette sin kompetanse, og bidra til at fokus på systemretta arbeid i PPT aukar.

Stord kommune har avtale om å tilby pedagogisk-psykologiske tenester til Fitjar kommune og tenesta har samla 7,6 rådgjevarstillingar og 50 prosent merkantil. Samanlikna med andre kommunar ligg Stord kommune lågt i høve tal på tilsette i PPT.

Det er eit sentralt mål at ein skal styrkja psykologkompetansen i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Psykologane skal bidra til å styrkja det samla kommunale arbeidet innan psykisk helse- og rusfelt. Det har vore ei utfordring å rekruttera og behalda psykologkompetanse i kommunen, og ein må gjera ein evaluering og setja opp konkrete tiltak for å sikra tverrfagleg kompetanse og psykologkompetanse i tilbodet til barn og unge generelt i Stord kommunen og i PPT.

Dette året har PPT hatt 435 enkeltsaker i arbeid, av desse var 59 nye saker. Dette talet er mindre enn tidlegare år. PPT har i 2013 hatt særleg fokus på dei yngste i barnehagane og det er gjennomført



MOT fekk pris for «beste informatørar 2013». På biletet frå venstre: Hans Petter Ulvebne Almås, MOT-informatør, Martin Vik, MOT-informatør, Kristin Fjell Hjortland, MOT-informatør, Magnus Mjør, MOT-leiar, Vidar Gjellestad, MOT-informatør, Ailinn Tingvoll Spissøy, MOT-informatør og Erling Abrahamsen, MOT-informatør (foto: Emma Ölander Aadland).

tverrfaglege møter og rettleiingsprogram for foreldre. Vidare er det planlagt og igangsett kartlegging i fire barnehagar. PPT samarbeider med BUP om igangsetjing av foreldrerettleiingsprogrammet «De utrolige årene (DUÅ)» og deltek i FOS sitt nettverk knytt til opplæring for minoritetsspråklege elevar, samt Statped sitt rettleiingsnettverk for kommunane i Sunnhordaland.

SLT

SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. Modellen skal sikra at dei ressursane ein har i kommunen og hos politiet, blir meir samkjørt og målretta. Målet er at barn og unge skal få rett hjelpe til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og

faggrupper. SLT-koordinator i Stord kommune har òg ansvar for å koordinera arbeidet kring programma «MOT» og «AV og TIL». Programma har hatt høg aktivitet i 2013 gjennom mellom anna klassebesøk, representasjon ved nasjonale samlingar, motteke pris for «Beste informatørar 2013» og vore arrangør for tiltaket «Draumereisen» i samarbeid med Stord ungdomsskule.

Innanfor «AV og TIL»-programmet har ein i 2013 prioritert arbeid med alkoholfrie soner. Eksempel her er: «Samvær med born og unge», «Båt og badeliv» og julekampanjen «Kor mange glas tåler barnet ditt», stands på ulike arrangement og samarbeid mellom anna med Stord fotball og Stord ungdomsskule. Hausten 2013 gjennomførte kommunen ein storkontroll

av skjenkestader der representantar frå politi, brannvesen, skattevesen, Securitas AS og SLT-koordinator tok del.

SLT-koordinator har og leia ei tverrfagleg gruppe med å kartleggja bruk, omfang og tilgjenge av anabole androgene steroider. Dette arbeidet vart offentleggjort februar 2014. Det har og vore fokus på «Unge og rus», eit tiltak for sjuande trinnet i skulen, som inneheld lærarkurs, gruppeleiarkurs, tre foreldremøte i kvar klasse, samt nettverk og bruk av digitale media-opplæring/ undervisning for born, ungdom og foreldre og konkret arbeid med alvorlege mobbesaker i skulen. Bekymringssamtalar er eit verktøy for samtalar med unge og føresette om risikoåtferd. I 2013 er det gjennomført om lag 30 slike samtalar i samarbeid med mellom anna Politi, Utekontakten, barnevern, PPT, og spesialisthelsetenesta (BUP).

Ungdomskontrakt er eit tiltak for ungdom som har byrja å eksperimentere med rusmiddel. Ungdomane kan få vedtatt påtaleunnlatelse ved å inngå ein avtale om å halde seg rusfri i to år. Sidan 2011 har det vore 15 ungdomar på slik kontrakt. Dette er eit samarbeid med MARIS og Tillitsperson.

Prosjektet «Trygg der born og unge ferdes» er eit samarbeid med Ungdomsrådet.

UTEKONTAKTEN


Utekontakten er eit lågterskeltilbod til barn og unge med fokus på støttesamtalar, praktisk hjelp, nettverksarbeid, formidling til andre tenester og tverrfagleg samarbeid. Hovudproblemstillingar er psykisk helse, rus, aktivitet/fritid og konfliktarbeid. Utekontakten har 2,2 stillingar. I 2013 hadde ein oppfølging av 30 ungdomar, 428 treffpunkt med ungdom i målgruppa «feltarbeid», målgruppa gruppeaktivitet hadde 1 349 treffpunkt og det vart gjennomført 224 «feltøkt» i skule, fritidsklubbar og sentrum. Eksempel på aktivitetar er foreldremøte «Unge & rus», foreldrenettverk, informasjon om ungdomsmiljø/anna aktuelt), lærarkurs og gruppeleiarkurs, «Føre Var» kartleggingar, kurs for ungdomar, ansvar for Ungdomsrådet, pårørandearbeid i samarbeid med Probis og Maris, grupper og enkeltsamtalar.

STØTTETEAMET

Støtteteamet hadde som mål å driva eit førebyggjande og helsefremjande arbeid blant born og unge. Tilboden var retta mot barn, unge og familiar med samansett problematikk som krev tverrfagleg tenking med tiltak på ulike arena.



Utekontakten feira opning av nye lokalar i Hamnegata i januar (foto: Cecilie Berger).



BARNEVERN

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for barnevernet i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

BARNEVERN MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Del undersøkingar m handsamingstid over 3 mnd	>95,0	97,0	96,1
Del born med utarbeida plan	>30	38,8	27,7
Del born med utarbeida plan, snitt siste fire år	4,8	4,6	4,7
Stillingar med fagutdanning, per barn 0-17 år	>3,8	4,7	3,1

Barneverntenesta ser ein utvikling der vanskane hjå barn, unge og deira familiar er meir alvorlege og omfattande, noko som gjer det naudsint å nytte fleire metodar og tilnærmingar i arbeidet. Dei tilsette i tenesta opplever og høgt arbeidspress grunna alvorlege og komplekse saker.

I kompetanseplan for perioden 2012-2014 ynskjer barnevernet å styrke sin kompetanse på samtalar med barn, vald/ overgrep i nære relasjonar, fleirkulturell forståing og spe- og småbarn sin psykiske helse. Dette ynskjer ein å oppnå gjennom vidareutdanning, kurs og rettleiing. Barneverntenesta er med i prosjektet «Mitt liv». Målet med

prosjektet er å verta betre i å ivareta barn, ungdommar og familiar i alle ledd av barneverntenesta sitt arbeid. Prosjektet starta i oktober 2013 og varar ut 2015.

Stord, Bømlo og Fitjar kommune har inngått ein forpliktande avtale med Bufetat Vest med målsetjing om å oppnå ei saumlaus barnevernteneste på tvers av forvaltningsnivåa.

Barneverntenesta har fokus på tidleg innsats til spe- og småbarn. Dette er ressurskrevjande å arbeida med, samt at det krev høg grad av tverrfagleg samarbeid.

Barneverntenesta har hatt ein vanskeleg økonomisk situasjon i 2013. Dette kan forklarast mellom anna ved høgare lønnsutgifter samla, noko som gjev tydelege utslag i lønnsutgifter til «tiltaksarbeidarane», stadig fleire saker blir anka i rettssystemet noko som medfører store utgifter, svært kostnadskrevjande enkeltsaker og endra avtaleverk frå Staten som mellom anna medførte mindre refusjonar av utgifter enn rekna med.

NØKKELTAL

Barnevern	2013	Stord	2011	Samanlikn. kommunar	Landet utan Oslo
		2012		2013	2013
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneverntenesta i kr	5 436	4 987	4 527	6 918	7 170
Netto driftsutgifter per barn i barnevernet i kr	104 765	90 905	106 456	:	100 376
Netto driftsutgifter per barn med tiltak i kr	164 039	152 720	163 457	:	152 022
Barn med undersøking ift. tal innb. 0-17 år, prosent	2,5	3,6	2,4	:	4,0
Del barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år prosent	3,3	3,3	2,8	:	4,7
Brutto driftsutgifter per barn (f. 244, barnevernenesta) i kr	35 088	44 671	45 472	:	41 575
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk i barnevernet	16,1	18,8	16,5	:	16,9
Del undersøkingar m. behandlingstid over tre månadar, prosent	20,2	34,3	19,1		27,1

I høve til talet på innbyggjarar i målgruppa for barnevernstenesta nyttar kommunen mindre i netto driftsutgifter enn gjennomsnittet av kommunar i vår samanlikningsgruppe. Netto driftsutgifter pr barn har auka frå 2012 og er høgare enn gjennomsnittet for landet. Talet på barn under barnevernstiltak er stabilt på 3,3 %. Del undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd. har gått ned i høve tal frå 2012



Danseelevar frå kulturskulen heldt framsyning med moderne dans på Dansens dag 2013 i Bergen (foto: Jorunn Whittaker).

Kulturskulen underviser i animasjon, cello, violin, bratsj, gitar/elgitar, kornett/trompet, song, euphonium, baryton, trombone, tuba, el.bass, piano, kyrkjeorgel, slagverk, song, kor (Stord kulturskulekor og Stord ungdomskor), musikkkleik 0-1, tverrfløyte, musikkterapi, band, jazzdans, klassisk ballett, klassisk tåspiss, moderne dans, street dance/hip hop for gutter, hip-hop for jenter, dansensemble, drama-teater, ukulele og parkour. Drifta av Stord ungdomskor er eit fast samarbeid med kyrkja i Stord.

Kulturskulen har i 2013 også seld tenester til Langeland skulekorps, Rommetveit skulekorps, Sagvåg skulekorps, Stord skulekorps, Sunnhordland kammerorkester, fleire av grunnskulane våre, ein barnehage, Vidsteentunet, Stord vidaregåande skule (musikklinia), Hordaland fylkeskommune/ Rikskonsertane, Jentespranget og Fitjar kommune.

Det har elles vore samarbeid med Kulturtenester i Stord kommune, Stord folkebibliotek, Knutsaåsen sjukeheim, Stord sjukeheim, Heimesjukepleia, Falturiltu, Høgskulen Stord-Haugesund, Sunnhordland museum, barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord, Kyrkja i Stord, Fitjar kulturskule, Bømlo kulturskule, Sunnhordland folkehøgskule, Kvinnherad kulturskule, Heiane mottaksenter og UDI. Kulturskulen fekk i 2013 støttet søknad om midlar til aktivitetar for barn i mottak frå UDI med kr 145.000.

KULTURSKULEN

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal for kulturskulen i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing i 2013 på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

KULTURSKULEN MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Del på venteliste til musikk- og kulturskule	Stord <4,2	Stord 11,9	Stord 12,4
Del brukarar i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskule, av tal born i alderen 6-15 år	>18,9	22,4	21,0

Kulturskulen hadde hausten 2013 ca. 900 elevplassar og ca. 16 årsverk fordelt på 26 tilsette. Nokre av desse årsverka var basert på prosjektmidlar og galtdt berre for hausten 2013. Av dei tilsette var 14 menn og 12 kvinner.

22,4 % av grunnskulelevane har elevplass i kulturskulen. Gjennomsnittet for landet er ca.17 %.

Kulturskulen arrangerte i 2013:

- 16 eigne offentlege konsertar (musikk, dans og teater) og mange interne konsertar for elevar og føresette
- 5 arrangement for eldre i institusjonar/heimesjukepleie i den kulturelle spaserstokken (samarbeid med institusjonar og kulturtenester).
- Danseseksjonen i kulturskulen hadde ansvaret for regional samling for Dansens dag, ein dag som vert markert over heile verda. Ca. 350 danseelevar frå Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord var i denne samanheng samla i Stord kulturhus for å vise dansane sine. I tillegg var det arrangert ein koreografikonkurranse som del av arrangementet. Ca. 35 av danseelevane våre var også representert under Dansens dag i Bergen.

- Strykeseksjonen hadde våren 2013 ansvar for eit kjempeseminar for strykelevar frå heile regionen.
- To eigne konsertar med Trio Vest og gjester. Trioen har i tillegg hatt større og mindre musikalske innslag på ei rad private og offentlege arrangement samt samarbeid med lag og organisasjonar.
- Trio Vest hadde ein 11 dagars turne i Sunnhordland i regi av Rikskskonsertane/Hordaland fylkeskommune.

Elevar og tilsette i kulturskulen deltok også på mange ulike arrangement i regi av andre kommunale einingar, institusjonar, organisasjonar, lag og privatpersonar.

Det har elles vore arbeidd ein del med nytt danselokale då bygget det noverande danselokalet er i vil bli rive i løpet av nær framtid.

NØKKELTAL

Kulturskule	2013	Stord 2012	2011	Samanlikn. kommunar 2013	Landet utan Oslo 2013
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, i prosent av samla netto driftsutgifter	0,7	0,7	0,6	0,6	0,6
Netto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per innbyggjar 6-15 år, i kr	2 266	2 265	2 031	2 099	2 302
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal musikk- og kulturskule, per brukar, i kr	13 901	15 326	14 223	15 355	16 063
Del brukarar i grunnskulealder i kulturskulen av tal barn i alderen 6 - 15 år i prosent	22,4	21,0	18,9	15,1	15,5

Kommunen nyttar noko meir til kulturskulen enn gjennomsnittet av kommunar i vår gruppe. Kommunen har ein større del av barn i alderen 6-15 år i kulturskuleaktivitet enn gjennomsnittet.

Rehabilitering, helse og omsorg

Omsorgssenter, måloppnåing	49	Rehabilitering, helse, omsorg	51
Helse, måloppnåing	50	Økonomi	54
NAV kommune, måloppnåing	50	Nøkkeltal	54

Rehabilitering, helse og omsorg

Nedanfor finn ein KOSTRA-tal, samt tal frå Folkehelseinstituttet, for området helse- og omsorg i Stord kommune. Tala syner kommunen si måloppnåing på utvalde satsingsområde. Måltala tek utgangspunkt i erfaringstal.

OMSORGSTENESTER , MÅLOPPNÅING	mål	resultat	resultat
	2013	2013	2012
Del årsverk m fagutdanning	Stord 74	Stord 81	Stord 75
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	Stord 39	Stord ...	Stord 41
Del på korttidsopphald, i % av bef. over 90 år	Stord 13	Stord -	Stord 13
Del plassar (heildøgns-bemanna) % av bef. over 90 år	Stord 63	Stord -	Stord 63
Snitt tildelte timer i heimen, heimesjukepleie	Stord 6,5	Stord 7,7	Stord 6,8
Snitt tildelte timer i heimen, praktisk bistand	Stord 6,2	Stord 7,0	Stord 7,0
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov 67-79 år	Stord 25,3	Stord 15,9	Stord 19,8
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov over 80 år	Stord 26,5	Stord 21,0	Stord 27,3
Del brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (korttidsopphald)	Stord 50	Stord ...	Stord 44
Del brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (langtidsopphald)	Stord 94,8	Stord ...	Stord 91,7
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim	Stord 0,58	Stord 0,41	Stord 0,48
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim	Stord 0,19	Stord 0,17	Stord 0,19

HELSE, MÅLOPPNÅING	mål 2013	resultat 2013	resultat 2012
---------------------------	---------------------------	--------------------------------	--------------------------------

Legeårsverk pr 10000 innb	Stord 11	Stord 11,4	Stord 10,8
Snitt listelengde fastlegar	Stord 1000	Stord 1008	Stord 1001
Del fysioterapi årsverk pr 10000 innb	Stord 6,3	Stord 6,5	Stord 6,3
Reservekapasitet lege	Stord 100		Stord 100
Røyking gravide kvinner %	Stord <18	Stord 16	Stord 16
Tal hoftebrot pr 1000 innbyggjarar. Gjennomsnitt siste 3 år	Stord 1,5	Stord 2,2	Stord 2,2
Tal brukarar av frisklivscentral	Stord 60	Stord ...	Stord ...
Prosentdel uføretrygda 18 – 44 år	Stord <2,4	Stord 2,4	Stord 2,4
Tal sjukehusopphald pr 1000 innb	Stord <280	Stord ...	Stord ...
Del av liggedagar for innb. som er 80 år og eldre i %	Stord <18	Stord ...	Stord ...
Tal reinnl. etter medisinsk opphold pr 1000 innb	Stord <23	Stord ...	Stord ...

NAV KOMMUNE, MÅLOPPNÅING	mål 2013	resultat 2013	resultat 2012
---------------------------------	---------------------------	--------------------------------	--------------------------------

Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.	Stord <3	Stord 3,7	Stord 4,3
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	Stord <3	Stord 3,4	Stord 4,0
Del som går over 6 månader på stønad i %	Stord <20	Stord 19	Stord 26,5
Del mottakarar med individuell plan i %	Stord 6	Stord 8	Stord 3,9
Del mottakarar som får gjeldsrådgjeving i %	Stord 25	Stord ...	Stord 28
Telefontid for brukarar, timer per veke	Stord 37,5	Stord 37,5	Stord 37,5
Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet	Stord 25	Stord 19	Stord 19

Dagtilbodet for demente består blant anna av ulike turar.
På biletet ein tur i Lundastølen
(foto: Guro Holmberg).

REHABILITERING, HELSE, OMSORG

Brukundersøkinga i heimetenestene viser at brukarane stort sett er nøgde med tenestene dei mottar. Dei opplever at dei blir møtt med respekt, men er også nøgde med samarbeidet, tilgjenge og informasjonen dei får. Hos NAV får dei gode tilbakemeldingar på samarbeid, brukarmedverknad og respekt. Stønadslengda hos NAV har minka noko. Det er fleire som har fått Individuell plan eller tilbod om dette, og det er auke i personar som er med i Kvalifiseringsprogrammet.

Einingane er opptekne av å nå innbyggjarane med informasjon. Kommunen arbeider kontinuerleg med å oppdatera informasjon på nett og institusjonane har utarbeida skriftleg informasjon for utdeling til nye beboarar og pårørande.

Det er etablert seks nye dagsenterplassar for demente i 2013. Dagplass for demente er særleg viktig for pårørande, som på den måten kan få avlasting nokre dagar i veka. I tillegg er det godt for åleinebuande demente å få eit sosialt og trygt tilbod. Eit av dei nye tilboda er eit samarbeidsprosjekt med Sunnhordland museum, der målgruppa er yngre demente.

Kommunen har tilsett kreftkoordinator i 50 % stilling. Stillingsa er finansiert med tilskot frå kreftforeininga. Dette er eit lågterskeltilbod for pasientar med kreftsjukdom og deira pårørande. Målet er å bidra til at kreftpasientane opplever koordinerte og saumlause tenester. I tillegg



til lågterskeltilbodet er kreftkoordinator ein ressurs i samarbeidet mellom sjukehus og kommunale tenester.

Trivselsutval ved institusjonane arrangerer populære tilstellingar for beboarane. Utvala omfattar pårørande, representant for Eldrerådet og tilsette. Sjukeheimen har delteke i eit legemiddelnettverk. Det er gjennomført legemiddelgjennomgang for alle beboarane i somatisk avdeling i samband med dette og planlagt gjennomgang i dei andre avdelingane.

Frisklivssentralen driv aktivt med gruppetrening som fokuserer på førebygging. Dei har m.a. drive grupper med fallførebygging inkludert fallførebyggjande heimebesøk, treningsgrupper, bra mat kurs, kurs i meistring av

depresjon, røykeslutt-kurs og sjølvhjelpkurs for personar med varig sjukdom eller redusert funksjon. I tillegg driv eining for aktivitet og rehabilitering ulike gruppertilbod m.a. MS-gruppe, parkinsongruppe, gruppetrening for rehabiliterings- og korttidsbrukskarar og bassenggruppe.

Heimerehabiliteringsprosjektet vart avslutta i desember og er no gått over i ordinær drift. Ein fortset samarbeidet med Bømlo, Fitjar, Helse Fonna og Høgskulen Stord Haugesund i eit samarbeidsnettverk. Målsetjinga er at brukarane skal trenna seg opp slik at heimetenestene kan trappast ned eller avsluttast når vedtaksperioden er over.

Ungdomskontraktar er eit prosjekt for ungdom som



Musikkterapeut Ian Kolstad vitja Vidsteentunet aktivitetssenter med eit nytt tilbod frå kulturskulen i form av musikkterapi for brukarane (foto: Emma Ölander Aadland).

helse og omsorg. Utdanninga er initiert av Helsedirektoratet som samarbeider med Høgskolen i Hedmark, Fagakademiet og Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO). Opplæringa går føre seg på Stord, der 31 mellomleiarar, potensielle leiarar og einingsleiarar deltek. Utdanninga omfattar mellom anna kompetanseplanlegging, økonomistyring, samhandling og kommunikasjon. Den går over fire semester og er ferdig våren 2014. Deltakarane har vore svært nøgd med opplæringa som vil gjera dei betre førebudd til å møta framtidige utfordringar. Opplæringa gjev 30 studiepoeng og er finansiert med tilskot frå fylkesmannen og KS. Fire fagarbeidrarar har teke vidareutdanning i psykisk helsearbeid, 13 høgskuleutdanna har teke forskjellige vidareutdanninger på deltid og 21 tilsette har fullført «Demensomsorgens- og Eldreomsorgens ABC».

har byrja å eksperimentera med rusmiddel. Dei kan få påtaleunnlating dersom dei er med på ein avtale om å halda seg rusfri i 2 år. 15 ungdommar har nytta seg av ein slik avtale, der regelmessig urinkontroll er ein del av avtalen. Desse kontraktane har vore ein suksess.

Hamna kontaktcenter for personar med psykiske lidingar har hatt om lag 100 brukarar i 2013. Det har vore 7000 besøk i løpet av året. Både her og på Maris har ein nytta erfaringsmedarbeidarar (brukarar) i drifta. Det vert arbeida med at Hamna skal bli eit kompetansesenter for brukarmedverknad. HUO (Hamna Utvida Opning) sørger for utvida opningstid på Hamna, der brukarar deltek i vaktordninga.

Ved eining for habilitering vart det sommaren 2013 laga

opplegg med ferieaktivitetar for brukarane med psykisk utviklingshemming som bur i bufellesskap. Desse hadde ikkje eit ordinært dagtilbod i ferien. Aktivitetar var turar (m a til Pippifestivalen), sommarfest, aktivitetsdag og bowling. Som året før var dette eit vellukka tiltak. Eininga har gjennomført fleire fagdagar, som «Utviklingshemming, aldring og demens» og «Utviklingshemming og seksualitet».

Alle einingane arbeider med førebygging av sjukefråvær og tilrettelegging. Det er innvilga fleire søknader om tilretteleggingstilskot frå NAV. Likevel ser ein at fråværet innanfor tenesteområdet, RHO auka frå 9,87 % i 2012 til 10,86% i 2013 og ein er då tilbake på 2011-nivået.

I 2013 starta kommunen ei leiarutdanning innanfor

Det vart i fjar rekruttert inn to lærlingar i helsearbeidar-faget. Dette var færre enn ønska. Alt tyder på at det vert auka behov for fagarbeidrarar framover. Det er difor sett i gong ulike tiltak for å betra rekrutteringa til dette faget. Fire lærlingar gjekk opp til fagprøve i fjar. Det har vore auke i årsverk med fagutdanning innan RHO frå 74 til 81%.

Tidleg utskriving frå sjukehus fører til auka press på fleir tenesteområder og til tider behov for rask tilrettelegging for pasientar som skal heim. Eit elektronisk meldingssystem er teke i bruk for brukarinformasjon mellom heimetenesta og fastlegane. Dette er del av eit samarbeidsprosjekt mellom fastlegane og heime-tenestene. Her ser ein og mellom anna på utvida samarbeid om forskjellige sjukepleieprosedyrar som

I 2013 starta ei leiarutdanning for helse og omsorg, som til saman 31 leiarar i Stord kommune deltek i. Utdanninga omfattar mellom anna opplæring i leiing, kompetanseplanlegging, økonomistyring, samt samhandling og kommunikasjon (foto: Emma Ölander Aadland).

kan utførast i brukar sin heim, felles sjukebesøk, hospiteringsordningar og medisinhandtering.

Kommunen er med i eit prosjekt på velferdsteknologi saman med Bergen og Lindås. Vår kommune skal arbeide med å vurdera utviding av eksisterande tryggleiksalarm/tryggleikspakke til å få fleire funksjonar som kan vera til hjelp i daglelivet for forskjellige brukarar. I første omgang vil ein prøva ut rørslesensor, fallsensor og døralarm. Målet er at tenestemottakar skal bli meir tilfreds og meir trygg og at tenesteapparatet skal ha god ressursutnytting.

Heimetenesta tok i 2013 i bruk sju elbilar. Bilane vert opplevd som lettkjørte, lette å parkera og har så langt fungert godt. Batterikapasiteten er likevel ein kritisk faktor. Den milde vinteren har gjort at ein ikkje har fått testa bilane ut på vinterføre.

Det er 40 brukarar av Probis (program for bustadlaus i Stord) i 2013. Fleire av desse har særleg utfordring med å skaffe seg og bu i eigen bustad. Kommunen har difor søkt og fått eit større tilskot frå fylkesmannen til eit prosjekt, Stordmodellen/Housing first. I tillegg har kommunen søkt, og kome med i prosjektet Bustadsosialt velferdsprogram. Desse prosjekta vert sett i samanheng i høve målet om at fleire vanskelegstilte skal ha stabile og varige buforhold. Det er oppretta ein krisebustad der ein kan bu inntil tre månader medan det vert arbeida med å finna permanent bustad.



Maris (medikamentassistert rehabilitering i Stord) gir tilbod om legemiddelbasert rehabilitering og helsestasjon for rusavhengige. Dei gir tilbod til om lag 70 brukarar, derav 30 på lågterskel helse. Saman med SLT og tillitsperson deltek dei for tida i kartlegging av bruk av anabole steroidar.

Legetenesta er auka med 0,5 årsverk i 2013, men framleis er det svært liten reserve listekapasitet hos fastlegane.

Lokala for helsestasjonen i Myro er blitt små i samband med at drifta har auka. Det vert sett etter andre lokale som kan stetta behovet. Ved tilsyn vart det avdekka nokre få avvik, men desse er lukka i etterkant.

Det har vore éi klage på startlån og tre på tildeling av bustader i 2013. Åtte klager på helse- og omsorgstenester har gått vidare til Fylkesmannen. Kommunen har fått medhald i alle klagene som er sendt vidare til Fylkesmannen eller den Særskilde klagenemnda.

Heimetenesta tok i bruk sju elbilar i 2013
(foto: Nina Sørli).



ØKONOMI

Ansvarsområdet RHO har samla drive økonomisk, med stramme rammer. Ein har vore svært restriktive med innleige av vikarar ved sjukdom etc. Det same gjeld innkjøp. Leiarar og tilsette har vore lojale mot rammene og alle har bidrege til at området har kome ut med rekneskapsoverskot. Meirinntekter til ressurskrevjande tenester har medverka til det gode resultatet.

NØKKELTAL

Pleie og omsorg	2013	Stord 2012	2011	Samanlikn. kommunar 2013	Landet utan Oslo 2013
Heimetenesta					
Korrigerte brutto driftsutg. pr mottakar av heimetenester (i kroner)	304 705	293 443	267 239	232 263	220 736
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 0-66 år	19	18	18	21	20
Mottakarar av heimetenester pr 1000 innb. 80 år og over	325	320	344	345	339
Andel heimebuande brukarar som mottek kjernetenester over 67 år med omfattande bistandstrong i %	21,0	27,3		13,5	12,1
Institusjonar					
Plassar i institusjon i % av innbyggjarar over 80 år	11,5	11,6	11,6	15,6	18,5
Legetimar pr veke pr bebuar i sjukeheim	0,41	0,48	0,58	0,43	0,46
Fysioterapitimar pr veke pr bebuar i sjukeheim	0,17	0,19	0,19	0,41	0,36
Andel plassar i skjerma eining for personar med demens	35,5	35,5	35,5	24,5	23,7
Korrigerte brutto driftsutgifter i institusjon per plass i kroner	1016 272	988 198	872 333	1004 571	967 541
Andel brukarar i institusjon med omfattande bistandstrong, langtidsplassar	-	91,7	94,8	82,8	81,5

Pleie og omsorgstenestene har mål som mål å tryggja at innbyggjarar med størst behov for hjelp er sikra kvalitativt, gode tenester, etter BEON-prinsippet (beste effektive omsorgsnivå). Dermed har det over ein del år vore ei styrt utvikling der terskelen for å få tenester i kommunen er lagt høgt. Andre kommunar (også kommunar me vert samanlikna med) fordeler tenestene meir utover og lar fleire få hjelp. Når det vert fleire brukarar som får hjelp, vert driftsutgiftene for kvar brukar lågare. Dei innbyggjarane som kjem over terskelen og får hjelp i Stord kommune har i utgangspunktet stort hjelpebehov. Ein indikator på dette er andel heimebuande

tenestemottakarar på 21 prosent som har omfattande bistandstrong i Stord kommune mot 13,5 prosent i samanlikningskommunane. Høgare bistandsbehov betyr høgare kostnad for kvar heimebuande brukar.

Samtidig har kommunen svært låg dekningsgrad av institusjonsplassar. Dette er delvis kompensert med omsorgsbustader med heildøgnsbemannning (Knutsaåsen omsorgssenter), men dekningsgraden er framleis vesentleg lågare enn dei me samanliknar oss med. Dette viser seg m.a. ved at det er svært høg terskel for å koma inn på institusjon/ heildøgnomsorgstilbod.

Dermed er søkerane svært omsorgstrengande før dei får plass. Kor mange av langtidsbebarane på sjukeheimen som har omfattende bistandsbehov har ikkje kome med i dei førebels nye Kostra-tala, men kommunen har lagt ca 9% over samanlikningskommunane dei siste åra.

I 2013 gav kommunen tenester til 39 særleg ressurskrevjande brukarar under 67 år, som gav ei lønsutgift på 98,4 millionar kroner, ein auke på 54% frå 2012. Kommunen reknar å få refundert om lag 35,4 millionar kroner av desse utgiftene. Dette dreg opp snittkostnad pr brukar for heimebaserte tenester.

Sosialtenesta	2013	Stord 2012	2011	Samanlikn. kommunar 2013	Landet utan Oslo 2013
Netto driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar, i kroner	1282	1 487	1 372	1596	1800
Netto driftsutg. til sosialtenesta i prosent av samla netto driftsutgifter	2,8	3,2	3,0	3,3	3,5
Netto driftsutg. til tilbud personar med rusproblem pr innbyggjar 20-66 år	192	277	257	243	426
Andelen sosialhjelppsmottakarar i forhold til innbyggjarar i alderen 20-66 år	4,1	4,1	3,9	3,9	4,1
Sosialhjelppsmottakarar	451	490	455	319	260
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar	24 703	26 500	25 110	33 414	37 378
Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad	7013	6442	6569	-	-
Sosialhjelppsmottakarar med sosialhjelp/introduksjonsstønad som hovudinntektskjelde	47,7	42,7	40,9	42,0	44,9

Tal på sosialhjelppsmottakarar er redusert, og dermed kommunen sine totale utgifter til sosialtenesta, noko dei fleste indikatorane syner. Me betalar ut meir pr. stønadsmånad no enn dei to føregåande åra. Dette skuldast truleg høgare leigeprisar på bustadmarknaden.

Kommunehelse	2013	Stord 2012	2011	Samanlikn. kommunar 2013	Landet utan Oslo 2013
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2235 *	2008	1883	1895	2159
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	4,8	4,3	4,2	3,9	4,3
Netto driftsutgifter til diagnose, behandling og rehabilitering per innbyggjar	1150	1082	1031	1285	1508
Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	11,4	10,8	10,3	9,2	10,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetjenesta	6,5	6,3	6,3	9,1	8,9
Netto driftsutgifter førebyggjande arbeid, helse pr innb	519 *	324	347	100	152
Gjennomsnittleg listelengde legar korrigert for off. arbeid	1116	1207	1203	1264	1255

Kommunen ligg over gjennomsnittet når det gjeld total ressursbruk til denne delen av kommunehelsetenesta.

* Dette skuldast i hovudsak feilrapportering til KOSTRA og vil verta korrigert.

Stord ligg under gjennomsnitt i høve utgifter til lege (offentleg arbeid) og fysioterapiårsverk.

Tal på legar er over gjennomsnittet sidan det i gjennomsnitt er korte fastlegelister i Stord.

Det er særleg låg dekning av fysioterapeutar i høve samanliknbare kommunar.

Kommuneøkonomien

Kommuneøkonomien	58	Driftsrekneskap / budsjett	63
Utvalde nøkkeltal frå balansen	60	Einingsresultat.....	66
Driftsrekneskapen for Stord kommune 2009-2013.....	61	Kommunen sine plasseringar og avkastning 2013.....	70
Frie inntekter	62		

Kommuneøkonomien

Årsrekneskapen for Stord kommune vart i 2013 gjort opp med eit overskot på 32,4 millionar kroner. Med årets resultat får kommunen dekka inn underskotet frå 2009 og har med det teke eit viktig steg for å koma ut av ROBEK-lista, staten sitt register for statleg kontroll og godkjenning.

Dei to kommunale føretaka gjekk med til saman 1,250 millionar kroner i overskot, slik at samla overskot i konsernet er på 33,37 millionar kroner.

STORD KOMMUNE, BALANSE 2009-2013	2009	2010	2011	2012	2013
EIGENLUTAR (tal i millionar kroner)					
Omlaupsmidlar:					
Kasse, postgiro, bank	196	173	203	162	142
Fordringar	85	318	132	103	105
Premieavvik	23	31	41	52	62
Sum omlaupsmidlar	304	522	376	327	309
Anleggsmidlar:					
Aksjar, andelar	30	32	34	24	25
Langsiktige utlån	917	877	939	1 023	1 125
Pensjonsmidlar	738	817	784	856	945
Utstyr og fast eigedom	187	214	234	227	231
Sum anleggsmidlar	1 772	1 939	1 990	2 130	2 327
SUM EIGNELUTAR	2 076	2 462	2 366	2 447	2 636

GJELD OG EIGENKAPITAL (tal i millionar kroner)	2009	2010	2011	2012	2013
Gjeld:					
Kortsiktig gjeld	171	381	185	118	165
Langsiktig gjeld	872	970	1 130	1 209	1 248
Pensjonsforplikting	827	906	1 015	1 126	1 262
Sum gjeld	1 870	2 257	2 330	2 463	2 675
Eigenkapital:					
Fond	148	153	149	125	98
Rekneskapsmessig underskot	-12	-26	-30	-29	-16
Rekneskapsmessig overskot	0	0	0	13	32
Udekt i investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0
Likviditetsreserve	0	0	0	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp	-10	-10	-10	-10	-10
Anna eigenkapital	80	88	-73	-104	-143
Sum eigenkapital	206	204	36	-6	-39
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	2 101	2 076	2 462	2 447	2 636

UTVALDE NØKKELTAL FRÅ BALANSEN

KONSERN	2010	2011	2012	2013
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,6	2	3	4,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,6	0,4	2,2	3,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	32 248	40 860	43 685	45 304
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	275,2	292,7	218,1	215,8
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	15	17,4	19	8,7
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	48 137	52 809	55 418	59 599

*) Netto lånegjeld er definert som langsiglig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar). Totale utlån og ubrukte lånemidlar er trukke frå.

Kommunen si samla lånegjeld har auka med 39,4 millionar kroner i 2013, og er no på brutto 1,248 milliardar kroner. Av dette er 581 millionar kroner lånt ut vidare; 459 millionar kroner til vass- og avlaupsføremål, 110 millionar kroner er lånt ut til innbyggjarane i kommunen som startlån/formidlingslån, og 12 millionar kroner er vidareutlånt til Stord hamnestell. Netto lånegjeld per innbyggjar i kommunen er no på 59 599 kroner. Dette er høgare enn samanlikningskommunane, som har 51 978 kroner. Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter er redusert jamt og trutt i perioden frå 2011 til 2013. Ein har halde investeringar og dermed låneopptak på eit minimum som eit tiltak for å betre kommuneøkonomien. I tillegg har ein betalt ekstraordinære avdrag og tilbakebetalt unytta lånemiddel. Netto driftsresultat har og vist ei positiv utvikling i denne perioden.

Investeringsrekneskapen vert i hovudsak ført i dei to føretaka Stord kommunale eigedom KF og Stord vatn og avlaup KF, og investeringsprosjekta er nærmare omtala i årsmeldingane frå føretaka.


Kommunen er registrert i ROBEK (register for betinga kontroll og godkjenning) grunna tidlegare underskot. Økonomiplanen legg opp til at ein skal vere ute av ROBEK ved avslutning av rekneskapen for 2014.

DRIFTSREKNESKAPEN FOR STORD KOMMUNE, 2009-2013 (tal i 1000 kr)

	2009	2010	2011	2012	2013
Sum driftsinntekter	890 514	980 486	1 060 429	1 065 800	1 107 872
Sum driftsutgifter	-886 531	-959 636	-1 011 131	-1 064 987	-1 079 911
Brutto driftsresultat	3 983	20 850	49 298	813	27 961
Avskrivingar	22 421	10 017	10 064	10 715	11 575
Brutto driftsresultat eks avskrivingar	26 404	30 867	59 362	11 528	39 536
Netto finanspostar	-23 082	-42 048	-60 795	-7 033	4 190
Netto driftsresultat	3 322	-11 181	-1 433	18 562	35 346
Interne finanstransaksjonar	-3 322	-2 912	-1 312	-5 606	-2 863
Meirforbruk - /mindreforbruk +	0	-14 093	-2 745	12 956	32 483

Figuren nedanfor syner utviklinga i kommunen sine driftsresultat dei siste 5 åra:

Resultatutvikling 2009 - 2013 (Tal i 1000 kr)



Kommunen sitt netto driftsresultat har betra seg vesentleg, frå 18,5 millionar kroner i 2012 til 35,3 millionar kroner i 2013. Netto driftsresultat vert berekna frå brutto driftsresultat, korrigert for renter, avdrag, kommunale utlån, endring finansielle omlaupsmiddel, utbytte og avskrivingar. Netto driftsresultat fortel kva kommunen sit igjen med etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat kan brukast til å finansiere investeringar eller settast av til komande år. For Stord kommune sin del vil netto driftsresultat settast av til å dekke underskot frå tidlegare år. Netto driftsresultat er den indikatoren som gjev det beste målet på økonomisk balanse i kommunen. For Stord kommune utgjorde netto driftsresultat (resultat før bruk og avsetningar til fond og overføring til investeringsrekneskapen) 3,6 prosent av brutto driftsinntekter i 2013. Netto driftsresultat har vore stigande sidan 2010. Resultatet er betre enn for samanlikningskommunar, som har 2,7 prosent. KS og det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd at netto driftsresultat bør utgjere 3 prosent av driftsinntektene for å bevare kommunen sin formue.

FRIE INNTEKTER

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter og andre ikke-øyremerka statlege tilskot. Desse inntektene utgjer den viktigaste finansieringskjelda til kommunen. Den demografiske utviklinga og samansetninga har innverknad på nivået på dei statlege overføringane. Rammetilskotet skal reflektera kostnadene med å yta tenester til dei ulike aldersgruppene m.m.

Stord kommune sitt skattenivå i 2013 var 97,3 prosent av landsgjennomsnittet. Dette var ein reduksjon frå 2012, då skattenivået i Stord kommune var 99,2 prosent av landsgjennomsnittet. Frå 1. januar 2004 vart inntektssystemet til kommunane lagt om slik at kommunen sine frie inntekter (skatt og rammetilskot) vart redusert for å finansiere momskompensasjonsordninga. Denne ordninga gav kommunen 16,3 millionar kroner i inntekter i 2013, av dette var 3,1 millionar kroner momskompensasjon av investeringar. I 2011 vart overføringar til private barnehagar innlemma i rammetilskotet, dette forklarer den store auken i rammetilskot frå 2010 til 2011. I 2012 vart samhandlingsreforma innført, noko som forklarer auken i rammetilskot frå 2011 til 2012.

UTVIKLINGA I FRIE INNTEKTER 2009-2013 (tal i 1000 kr)

	2009	2010	2011	2012	2013
Frie inntekter eks momskompensasjon	537 180	574 143	733 724	793 361	834 721
- skatt	388 630	421 811	419 143	427 160	442 092
- rammetilskot	148 550	152 332	314 581	366 201	392 629
Frie inntekter pr. innbyggjar	30 582	32 248	40 860	43 865	45 304
Auke frie inntekter	11,6	6,88	27,79	8,12	5,22
Momskompensasjon	24 439	30 733	28 876	27 753	16 345
av dette investering	11 122	17 040	10 708	10 363	3 144
av dette drift	13 317	13 693	18 168	17 390	13 201

Dei frie inntektene til Stord kommune vart i 2013 kr 7,2 millionar kroner lågare enn revidert budsjett.

Dette skuldast at skatteinntektene vart lågare enn budsjettet.

DRIFTSREKNESKAPEN/BUDSJETT

SKJEMA 1A. HOVUDTAL (tal i 1000 kr)	Rekneskap 2013	Budsjett rev. 2013	Budsjett opph. 2013	Rekneskap 2012
6 Sum frie disponible inntekter	890 238	897 479	883 879	814 006
10 Netto finansinntekter/utgifter	36 028	35 089	38 934	21 575
17 Netto avsetning	347	-2 702	6 312	4 159
18 Overføring til investering (mva komp)	2 515	2 860	2 860	1 447
19 Til fordeling drift	851 348	862 231	835 773	786 825
20 Sum fordelt til drift	818 864	831 662	835 773	733 869
21 Rekneskapsmessig meir-/mindre forbruk.	32 483	30 570	0	12 956

Statstilskot ressurskrevjande brukarar viser meirinntekt på 6,0 millionar kroner. Dette skuldast nye brukarar som er kome til i løpet av året. Det var usikkert om kostnadane til desse ville overstige innslagspunktet, det vart difor ikkje gjort budsjettendring. Meirinntekt som følgje av mottak av flyktningar utgjorde 0,14 millionar kroner.

KS anslår at ein stor del av realveksten i frie inntekter framover vil gå med til å dekka auka pensjonsutgifter. Auken skuldast både auka nedbetaling av tidlegare års premieavvik, lågare avkasting på pensjonsmidlane og høg lønsvekst.

Reglane for rekneskapsføring av pensjonspremie slår fast at det i rekneskapen skal utgiftsførast ein langsiktig premie som viser framtidige pensjonsforpliktingar, og ikkje utgiftene til pensjon, (pensjonspremien). Hensikta med dette er å få ein jamn belastning av pensjonsutgifter i rekneskapen. Dette betyr at det vil bli eit avvik mellom

innbetalt premie og den pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast, det såkalla premieavviket. Utgiftsføring av akkumulert premieavvik kjem på toppen av det som skal utgiftsførast av nye pensjonskostnader. Premieavviket skal dekkast inn over 10 år mot tidlegare 15 år. Dette har som konsekvens at ein større del av

driftsbudsjetta framover går med til å dekke akkumulert premieavvik. Det er ytterlegare forslag om å redusera amortiseringstida, til fem eller sju år. Det er venta at kommunesektoren i åra framover vil måtte bruke ein stadig større del av inntektene sine på pensjon.

NETTO AVSETNING, SPESIFIKASJON (tal i 1000 kr)	Rekneskap 2013	Budsjett rev. 2013	Budsjett opph. 2013	Rekneskap 2012
Bruk av overskot frå tidlegare år	12 956	12 956	0	0
Bruk av disposisjonsfond			302	
Bruk av bundne fond	6 787	2 747	690	3 126
Sum bruk av avsetninger	19 743	15 703	690	3 428
Overført til inv.rekneskapen	2 515	2 860	2 860	1 447
Avsett til dekning frå tidligare år	12 956	12 956	7 002	302
Avsett til disposisjonsfond				
Avsett til bundne fond	7 134	45	0	7 285
Sum avsetninger	22 606	15 861	9 862	9 034
SUM NETTO AVSETNINGAR	2 863	158	9 172	5 604

Det er brukt 3,4 millionar kroner av bundne fond, og sett av 7,5 millionar til bunde fond.

Største avsetningar, bundne fond:

Stordmodellen*	1,620 millionar kroner
Statleg tilskot til nyetablerte fastlegar i sosial og førebyggjande teneste	0,600 millionar kroner
Erfaringsmedarbeidar**	0,550 millionar kroner
Ungdomstrinnsatsing (opplæring og kompetanseutvikling, statlege midlar)	0,438 millionar kroner
Aktiv i friluft	0,300 millionar kroner
Kronikergrupper	0,225 millionar kroner
Diverse andre øyremerka statstilskot/skjønsmidlar	3,767 millionar kroner

Bruk av fond, største summar:

Interkommunalt legevaktsamarbeid	1,240 millionar kroner
Rest lokale forhandlingar 2012***	1,090 millionar kroner
Edruskapsvern	0,538 millionar kroner
Tilskot/formidlingslån Husbanken	0,525 millionar kroner
Slektsbankfond biblioteket	0,500 millionar kroner
Gamle spor i ny framtid	0,300 millionar kroner
Diverse andre øyremerka statstilskot/skjønsmidlar	2,594 millionar kroner

* Statstilskot gjeve for utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet.

** Skal fremje sjølvstende, tilhøyring og styrke evna til å mestre eige liv innan psykisk helsefelt.

*** I 2012 vart ein ikkje ferdig med lokale forhandlingar før årsskiftet. Det vart difor avsett ein sum, som vart fordelt og etterbetalt i 2013.

RESULTAT/AVVIK, FORDELT PER ANSVARSMRÅDE/EINING (tal i 1000 kr)

Ansvar/ teneste	Skatt, rammetilskot, generelle inntekter, finansinntekter/utgifter m.m.	Rekneskap per 31.12	Årsbudsjett	Avvik per 31.12
1 200	Innføring eideomsskatt	7 497	6 700	-797
1 800	Forsikring ansvar, kriminalitet, formue	71	51	-20
2 540	Statstilskot, ressurskrevende brukarar (resten ført på einingar innan RHO)	-520	150	670
2 830	Renter startlån	-752	-630	122
2 851	Statstilskot vertskommune asylmottak	-941	-1 413	-472
8 000	Skatt på inntekt og eige	-442 092	-469 811	-27 719
8 001	Eideomsskatt	-39 085	-37 000	2 085
8 400	Ramme- og statstilskot	-392 629	-374 619	18 010
8 401	Statlege investeringstilskot	-6 189	-6 181	8
8 500	Generelt tilskot flyktning	-8 050	-8 075	-25
8 700	Renter, utbyte og lån	5 473	3 153	-2 320
8 800	Overføring til/frå KF (Veg, trafikk, parkering, park/grønt, tingarfunksjon)	10 333	11 180	847
8 990	Mindreforbruk	32 483	30 570	-1 913
9 999	Overføring til investering (mva-komp)	2 515	2 860	345
9 999	Momskompensasjon	-15 741	-14 486	1 255
SUM		-801 406	-796 254	5 152

Ansvar/ teneste	Einingar/løyvingar under formannskapet	Rekneskap per 31.12	Årsbudsjett	Avvik per 31.12
1 050	Driftstilskot kyrkjeleg fellesråd	7 001	7 006	5
1 097	LOS-utval(anbod reinhald, arealeffektivisering)	668	770	102
	LOS-utval, innsparingskrav		-2 250	-2 250
1 099	FSK - Tilleggs/nye løyvingar	674	674	
	Planarbeid	105	105	
1 110	Strategisk leiargruppe	4 623	4 643	20
1 000	Folkevalde, politisk komité/utval	3 085	3 086	1
1 001	Stortings, fylke- og kommuneval	279	352	73
1 002	Stønad politiske parti	70	70	-
1 100	Revisjon og kontrollutval	900	1 033	133
1 200	Sekretariat, administrasjon	4 427	4 071	-356
1 300	Administrasjonslokale	2 131	2 869	738
1 801	Rådet for funksjonshemma	9	29	20
1 804	Eldreråd	40	46	6
1 130	Rekneskap og løn	5 329	5 566	237
1 140	Personal- og økonomi	8 756	9 304	548
1 141	Personalføremål - felles	-454	1 465	1 919
	Lønsreserve		948	948
	Stillingsgruppa	-1 520	-1 500	20
1 142	Lærlingeordning	4 091	4 508	417
1 150	Utviklingsgruppa	6 072	6 758	686
1 170	IKT - IT/Telefoni	8 615	8 663	48
8 130	Innkjøpskontor, interkommunalt	60	1	-59
SUM		54 182	58 217	4 035

Ansvar/ teneste	Einingar under OoU-komiteen	Rekneskap per 31.12	Årsbudsjett	Avvik per 31.12
1 150	Overføring til private barnehagar mm	96 956	99 467	2 511
2 099	Reduserte rammer 2 bud. rev.	-	3 350	3 350
2 100	Skule felles	37	882	845
2 102	Huglo oppvekstsenter	113	31	-82
2 103	Hystad skule	23 552	23 460	-92
2 104	Langeland skule	27 732	27 826	94
2 105	Leirvik skule	26 075	26 197	122
2 106	Litlabø skule	9 135	9 324	189
2 107	Rommetveit skule	21 034	21 385	351
2 108	Sagvåg skule	17 432	17 285	-147
2 109	Tjødnalio skule	24 881	24 837	-44
2 120	Stord ungdomsskule	37 031	37 191	160
2 121	Nysæter ungdomsskule	21 928	21 927	-1
2 122	Nordbygd ungdomsskule	23 930	22 743	-1 187
2 200	Barnehage felles	-	32	32
2 201	Furuly barnehage	5 469	5 834	365
2 202	Sagvåg/Litlabø barnehage	7 348	7 440	92
2 203	Skogatufto barnehage	10 705	10 727	22
2 205	Troldhaugen barnehage	6 133	6 206	73
2 208	Tjødnalio barnehage	5 265	5 389	124
2 511	Førebyggande tenester	18 629	18 444	-185
2 520	Barnevern Stord	24 671	20 051	-4 620
2 660	Kundetorg	1 395	1 239	-156
2 661	Kundetorg - fordeling	3 487	1 570	-1 917
3 140	Stord kulturskule	5 577	5 311	-266
SUM		418 515	418 148	-367

Ansvar/ teneste	Einingar under RHO-komiteen	Rekneskap per 31.12	Årsbudsjett	Avvik per 31.12
3 099	Reduserte rammer 2 bud. rev.	-	3 348	3 348
2 301	Stord sjukeheim	95 998	94 412	-1 586
2 303	Aktivitet/rehabilitering	30 667	30 733	66
2 320	Eining for habilitering	50 063	50 494	431
2 340	Heimebaserte tenester	66 680	68 790	2 110
2 410	Legeteneste	15 639	15 807	168
2 510	Sosial og førebyggjande	13 521	13 450	-71
2 515	NAV kommune	27 115	28 058	943
2 660	Kundetorg	30 977	29 162	-1 815
2 661	Kundetorg - fordeling	7 874	8 810	936
SUM		338 534	343 064	4 530
Ansvar/ teneste	Einingar under NMK-komiteen	Rekneskap per 31.12	Årsbudsjett	Avvik per 31.12
3 110	Kulturhus kino/kulturtenester	20 431	21 416	985
3 120	Bibliotek inkl. filialar	3 228	3 264	36
3 210	RBO - regulering/byggesak/oppmåling	573	810	237
3 240	Brann, beredskap og feiing	9 934	9 867	-67
4 099	Reduserte rammer 2 bud. rev.	-	535	535
4 120	Landbruk	1 440	1 561	121
4 150	Næring	913	1 000	87
8 350	Stord kommunale kino	-123	-331	-208
SUM		36 396	38 122	1 726


KOMMUNEN SINE PLASSERINGAR OG AVKASTNING 2013

Aktivaklassar	Tal i heile 1000				Tal i prosent			
	2010	2011	2012	2013	2010	2011	2012	2013
Pengemarknad	12 131	11 591			7,8	7,4	0	0
Obligasjonar/sertifikat	81 516	84 254	83 211	85 552	52,5	53,8	73,3	68
Aksjefond norske	33 814	29 007	12 463	16 500	21,8	18,5	11,1	13,1
Aksjar internasjonale	15 020	14 918			9,7	9,5	0	0
Kursregulering	-524	-358	135	138	-0,3	-0,2	0,1	0,1
Bankinnskot		603	3 118	3 473		0,4	2,7	2,8
Diverse (gebyr, honorar o.a.)	-41	-38	-9		-0,0	-0,0	0,0	0
Utlån til lag og organisasjoner	3 842	6 537	5 385	11 674	2,5	4,2	4,7	9,3
Utlån til Stord lufthamn	9 634	10 113	9 252	8 392	6,2	6,5	8,1	6,7
Sum marknadsverdi plasseringar	155 392	156 626	113 555	125 729	100	100	100	100
Avkastning i kr	11 169	-2 805	8 917	7 056				
Avkastning i %	7,1 %	-1,8 %	8 %	5,61 %				


Fondet gav i 2013 ei avkastning på 5,61 prosent eller 8,917 millionar kroner. Totalavkastninga på aksjar og obligasjonar (eks utlån) var på 6,80 prosent, dette er 3,53 prosentpoeng betre enn «normalporteføljen». Aksjeporleføljen har gitt 28,91 prosent i avkasting i 2013, dette er 4,69 prosent over benchmark. Benchmark er standarden ein måler mot, desse aksjfonda vert målt mot norske aksjar (OSEFX), MSCI Verdens indeks (MXWO). Obligasjonsporteføljen har gitt 3,50 prosent avkastning i 2013, dette er 2,56 prosentpoeng over

benchmark, som er norske statsobligasjonar med tre års durasjon. Det var budsjettert med kr 3 640 000 i avkastning på finansporteføljen i 2013, inntektsført avkasting vart 6 743 721. Ved utgongen av 2013 var midlane plassert i bankinnskot, rentebærande verdipapir i norske bankar og sparebanker og aksjfonda Delphi verden og Storebrand global indeks.

Folkevalde organ:



Administrasjon:



Stord i ord og tal

Stord i ord og tal

Byen Stord (Stord kommune) ligg i regionen Sunnhordland i Hordaland Fylke. Stord kommune utgjer den sørlege halvdelen av øya Stord, i tillegg til dei mindre øyane Huglo og Føyno. Det utgjer eit samla areal på 144 kvadratkilometer.

Nord på øya Stord ligg Fitjar kommune. Næraste by nord for Stord er Bergen, medan Haugesund og Stavanger er dei nærmeste byane i sør. Kommunesenteret Leirvik er regionsenter i Sunnhordland.

Folketalet var ved årsskiftet 2013/2014: **18 425**

Sysselsetjing (Tal frå 2012):

Tal arbeidsplassar:	ca. 9 356
Privat og offentleg tenesteyting:	67,2 %
Industri, bygg og anlegg:	31,9 %
Primærnæringar:	0,6 %
Andre:	0,3 %

Kommunale nøkkeldata 31.12.2013:

Ved årsskiftet 2013/2014 var det i Stord kommune 1227 tilsette fordelt på 925 løna årsverk.


Brutto driftsinntekter:
1 108 millionar kroner

Brutto driftsutgifter:
1 080 millionar kroner
(lekskl. finansutgifter/-inntekter)

Investeringar:
151 millionar kroner
(inkl. Stord kommunale Eigedom KF og
Stord Vatn og Avlaup KF)

Lånegjeld:
1 248 millionar kroner

Finanskapital:
106 millionar kroner



Den nye kranen på verftet til Kværner Stord fekk namnet «Storen», og er eit synleg landemerke på Stord (foto: Aslaug Torget)

Kommunestyret



Ordførar Liv Kari Eskeland **H** Harry Herstad **Ap** Amram Hadida **Ap** Lars Åge Myhre **H** Jan Arild Nesse **H** Bjørnar Helgesen **FrP** Sigbjørn Framnes **FrP** Nils Magne Blålid **Sv** Jan Reinemo **KrF**



Wilhelm Engelsen **Ap** Tordis Nysæter **Ap** Henny Førland Berger **Ap** Nina Østensjø Borrevik **H** Per Ove Sercan Husevik **H** Nils Gunnar Waage **FrP** Silje Vatna **Sp** Signe Ekeland **Sv** Leif Steinar Alfsvåg **KrF**



Leif Ottar Heimro **Ap** Andreas Moe Larsen **Ap** Katrin Innvær Ankervold **Ap** Vibecke Beyer **H *** Dag Vidar Nordhus **H** Margareth Ottesen Mjønes **FrP** Åshild Rygg Tonning **Sp** Oskar Emil Langeland **KrF** Fredrik Ugland Litleskare **D**



Pim Joanna Taraldsøy **Ap *** Jan Terje Alsaker **Ap** Håkon Frode Særsten **V** Geir Angeltveit **V** Helge Einar Vie **H** Kristoffer Valland **H** Johan Inge Særsten **FrP** Jakob Bjelland **Sp**

* Permisjon:
Vibecke Beyer H,
permisjon frå og med
september 2013 til og
med september 2014.

Pim Joanna Taraldsøy AP, permisjon frå og
med august 2013 til og
med august 2014.